

N O R S K R I F T

Redaksjon:

Bernt Fossestøl,	rom C236, Wergelands hus
Ingard Hauge,	" C238, " " "
Åsfrid Svensen	" C318, " " "
Kjell Ivar Vannebo,	" C230, " " "

Manuskripter kan leveres direkte til disse eller sendes til:

NORSKRIFT
Institutt for nordisk språk og litteratur
Postboks 1013, Blindern
OSLO 3

Manuskriptene bør være skrevet på maskin i A4-format, med linjeavstand 1½, marg ca. 4 cm. og med reine typer på et godt fargeband.

NORSKRIFT er et arbeidsskrift og er følgelig beregnet på artikler av foreløpig karakter. Ved eventuelle henvisninger til disse bør det derfor på en eller annen måte markeres at det dreier seg om utkast. Artiklene kan heller ikke mangfoldiggjøres uten tillatelse fra forfatterne.

P R E D I K A T I V E T

av Magne Rommetveit

INNHOLD

1. Plassering av predikativet i hierarkiet av setningsledd s. 1
2. Predikativt materiale s. 7
 - 2.1 Allment om terminologien s. 7
 - 2.2 Predikativt materiale i nokre grammatiske arbeid
 - 2.3 Framlegg til inndeling av predikativt materiale i nynorsk s. 12
 - 2.3.1 Substantiv s. 12
 - 2.3.2 Pronomen s. 13
 - 2.3.3 Adjektiv s. 15
 - 2.3.4 Perfektum partisipp s. 15
 - 2.3.5 Presens partisipp s. 20
 - 2.3.6 Infinitiv s. 20
 - 2.3.7 Talord s. 20
 - 2.3.8 Visse adverb og preposisjonsuttrykk s. 21
 - 2.3.9 Leddsetningar s. 22
 3. Predikativ kongruens s. 23
 - 3.1 Predikativ kongruens i nokre grammatiske arbeid s. 23
 - 3.2 Grenseområdet for predikativ kongruens i normert nynorsk s. 28
 - 3.2.1 Substantiv s. 30
 - 3.2.2 Pronomen s. 31
 - 3.2.3 Adjektiv og perfektum partisipp s. 31
 - 3.2.3.1 Kongruenstab for einskildord utan omsyn til nominalledet s. 32
 - 3.2.3.2 Kongruensproblem med utgangspunkt i tydinga til nominalet s. 35
 - a) Kollektivt nominal s. 35
 - b) Fleirtalsnominal s. 38
 - c) Eintalsnominal med ettersett tillegg i fleirtal s. 41
 - d) Ikkje-nøytrale nominalledd med nøytrale predikativ s. 41
 - e) Spesielle nominalledd s. 43
 - 3.2.3.3 Kongruensproblem med utgangspunkt i predikativ og/eller nominal tilknyting s. 45

PREDIKATIVET.

1 Plassering av predikativet i hierarkiet av setningsledd.

Grammatikarane synest å vera samde om at predikativet er ein "spesiell" leddtype. Den spesielle funksjonen har fleire sider - som til dels grip inn i kvarandre. For det første står predikativet i ei særstilling når det gjeld semantisk tilknyting. Det er samstundes knytt til to andre ledd: nominalet og verbalet. Det står i første rekke til nominalet, men verbal medverknad er eit vilkår for predikativ funksjon. Dette kriteriet gjeld både for faste og frie predikativ. Eit anna særmerke gjeld spesielt subjektspredikativet og går ut på at det normalt berre kan knytast til visse verb. Desse verba har i regelen meir eller mindre avbleikt tyding. Dette gjeld særleg usjølvstendige verb, og tilknytinga til nominalet er her maksimal. Verb som styrer objekts-predikativet har derimot ei sjølvstendigare stilling. Dette følgjer av at dei har transitiv funksjon og kan ta objekt. Her er altså banda mellom predikativet og verbet sterke.

Frå semantisk-syntaktisk synsstad er det vidare av stor interesse kva slag materiale som kan vera predikativ (jf. Diderichsens definisjon av "materiale" = "de Ord og Helheder hvoraf et Led er dannet", EDG, s. 288).

Til sist skal vi merkja oss at predikativet har eit formelt kriterium. Det skal normalt ha bøying i samsvar med det nominalet det viser til. Dette er etter eit vitnemål om at nominalet har stor innverknad på den predikative funksjonen. Når vi her bruker ordet "normalt", så seier vi også at dette kriteriet ikkje er unntakslaust. Det har i stor mon samanheng med nedbrytinga av kasussystemet. Vi skal seinare i denne utgreiinga, i punkt 3.2, koma inn på grensetilfelle mellom formelt samsvar og fråvere av samsvar.

Er predikativet eit nominalt underledd eller eit nominalstyrt sørledd, knytt til eit verbal?

Vi skal først sjå litt på korleis grammatikarane definerer "predikativ":

Diderichsen i "Elementær Dansk Grammatik" (1968), s.164:
"Ved siden af disse tre Hovedtyper [verbal, nominal, adverbial], der kan optræde i Forbindelse med alle Verber, findes der en speciel Ledtype, som kun optræder ved visse Verber, og som dels hører til Verbalet, dels knytter sig til dettes Subjekt, idet det betegner en Tilstand, en Egenskab hos eller et Navn paa Subjektet --".

Finn-Erik Vinje i "Kompendium" (1970), s.80:

"Predikativet er en bestemmelse til subjektet eller objektet og knyttes til sitt overledd ved formidling av verbalet. I dette stykket skiller de seg fra adjektivalene, som er umiddelbare bestemmelser. I Jespersens terminologi er predikativet et "Adled paa Afstand" (Sprogets logik, s.62). Betydningsforskjellen mellom et adjektivisk predikativ og et adjektiv-adjektival er den at predikativet tar sikte på å meddele noe nytt, å gi nye opplysninger om subjektet eller objektet. Etter at vi har fått vite at hesten er blakk, kan vi tale om den blakke hesten. Objektet henfører seg bare til verbalet, mens predikativet bestemmer et nominal ved hjelp av et verbal".

Beito i "Nynorsk grammatikk" (1970), s. 269:

(under omtalen av "Usjølvstendige verb":)

"Predikativet gjer nærmare greie for subjektet, kva eller korleis det er eller vert, kva det heiter osfr. Det hører difor like mykje til subjektet som til predikatet --".

Terminologien i norsk språklære (1977), s. 67:

"Det særeigne for predikativet er at det knyttes til subjektet eller objektet ved hjelp av et verbal. Predikativet er dermed en middelbar eller indirekte

bestemmelse til subjektet eller objektet - det er karakterisert som "Adleå paa Afstand" (Jespersen 1913:62)".

Vi ser at dei fleste av desse definisjonane understrekar den dominerande rolla nominalet spelar i den predikative funksjonen. Vinje kallar subjektet el. objektet for "overledd". Dersom han med dette berre meinte at predikativet er eit hypotaktisk ledd (på line med attributt og apposisjon) til subjektet eller objektet, synest det rimeleg. Men ei oppstilling i "Kompendium" (s. 58) viser at han legg meir i det:

"2. Nominal.

 2.1 subjekt

 2.2 objekt

 2.2.1 direkte objekt

 2.2.2 indirekte objekt

 2.3 predikativ."

I "Terminologien i norsk språklære" blir det direkte sagt at predikativet er eit nominal (punkt 3.5, s. 80):

"Nomen er i den grammatiske tradisjonen et samnavn for substantiv og adjektiv, og nominal blir heretter brukt om setningsleddene subjekt, objekt og predikativ.

Jf. Vinje 1974:80, Bruaas 1971:42, Næs 1972:241."

I "Norsk syntaks" (1976), s. 31, gir Svein Lie uttrykk for det same synet:

"Nomiale ledd blir videre delt i subjekt, objekt (direkte og inairekte) og predikativ".

Og han tek det oppatt på s. 79:

"Predikativet er et nominalt ledd som enten 1) kongruerer i kjønn og tall med subjektet (eller objektet) eller 2) er identisk med subjektet (eller objektet)".

[Lie må ta feil når han her talar om eit "enten - eller". Kongruens i kjønn og tall har vi i regelen i like stor mon, også når predikativet er "identisk" med subjektet eller objektet: Ho er ei yakker jente. Han kalla dei tjuvar.]

To nyare grammatikkar (ein dansk og ein svensk) har eit anna syn på ledfunksjonen til predikativet. Annelise Munck

Nordentoft har i "Hovedtræk af dansk grammatik" (1973), s. 27, denne utgreiinga:

"På de 7 pladser som helsætningen omfatter - 8 med forbinderefeltet - fordeler sig da fire leatyper - fem med konjunktionalet -:

1. verbal finit står i v - infinit oftest i S
2. substantial subjekt oftest i s eller forfelt - objekt oftest i S
3. prædikativ til subjekt og objekt, både fast og løst, står oftest i S
4. aauverbial centraladverbial står i a - fast og løst slutadverbial i A - frit adverbial står i a, i A, eller i forfelt
5. konjunktional i f = forbinderefelt".

Her set altså Nordentoft predikativet opp som eit særskilt setningsledd med same rang som nominalet, verbalet og adverbialen. Men ho lét ikkje dette koma til uttrykk i symboliseringa i setningsskjemaet. Der bruker ho framleis S og s for nominalet og plasserer både indirekte objekt, direkte objekt og predikativ på S-plassen, jf. s. 20.

[S og s står her og i EDG for "substantial", og er den opphavlege leddnemninga hos Diderichsen. Men i "Sætningsleddene og deres stilling - tredive år etter (trykt i 1964)", gjorde Diderichsen framlegg om å endra symbola s og S til n og N = nominalt ledd: "da det i et ledstillingsskema er praktisk at slå prædikativer sammen med objekter og de førstnevnte ikke bør kalles substantiviske" (Danica, 1964, s. 109).]

Olof Thorell har i "Svensk grammatik" (1973) brukt eit anna leddnamn på predikativet, s. 216:

"Predikativet är ett adnominalt led (§ 46), som indirekt, genom ett verb, är underordnat ett nominalt led (subjekt eller objekt). Till verbet anknysts det ofta med hjälp av en partikel (för, som, till). Som tilläggsled (prædikativt attribut) får det ibland en speciell utformning".

Men heller ikkje Thorell løyser symboliseringa i setnings-

skjemaet på ein eintydig måte. Han kallar leddet N^1-N^3 og omtalar det som det "Nominala och adnominala led" (s. 230):

"Det nominala delfältet (N^1-N^3) utfylls av objekt och predikatsfyllnad (den svenska termen för "subjekts-predikativ" och "objektspredikativ"). Det innehåller vanligen ett enda satsled, objekt (honom) eller predikatsfyllnad (färdiga). Ofta uppträder två satsled: objekt + objekt [tvinga på] (barnen + mina åsikter) eller objekt + predikatsfyllnad (Han har gjort) (pojken + yr i huvudet). Tre satsled är undantag, t.ex. objekt + objekt + predikatsfyllnad (Ingen kan göra (dig + äran + stridig))."

Logisk og etymologisk er "adnominal" i og for seg ein rett term. Han fortel at predikativet står til nomenet. Men vi har også andre "adnominale" ledd. Hos Thorell går dette fram, t.d. under omtalen av "Adnominal funktion" (s. 17):

"Ett adnominalt led är antigen predikativt och ingår i verbalt hypotagm eller attributivt och ingår i substantivfras".

På side 45 går det fram at Thorell òg reknar apposisjon for eit adnominalt ledd. "Adnominal" blir såleis ein slags overordna term for alle leddelar som kan stå til eller bli dirigerte av eit nominalt hoydeledd. Det har likevel ikkje den vide tydinga som "adledd" har, ein term som både Jespersen, Western og Diderichsen har brukt, jf. Western (Norsk riksmaals-grammatikk, 1921, s. 12):

"Et adledd er et ord eller en ordgruppe som spesialiserer et overledd".

Diderichsen talar og om adleddsformer i "Genstandssammensetninger" (EDG, s. 246), der adledd er trykksterke førsteledd i samansette ord, som t.d. "borgar" i "borgarkrig", "sy" i "sybord" og "blå" i "blåbær".

Det går fram av det som er sagt ovanfor at Vinje, Lie og "Terminologien i norsk språklære" reknar predikativet for eit nominal og ikkje for eit utanforståande nominalstyrt

særledd. På den andre sida seier både Vinje (s. 83) og Lie (s. 80) at frie predikativ kan stå på ulike plassar i setningsskjemaet. Lie seier det slik:

"Fritt predikativ kan stå på alle plasser hvor adverbialet kan stå (forfelt, a, A). Trøtt la han seg til å sove. De hadde stumme inntatt sine plasser. De gikk bortover, slitne, men lykkelige".

Som kjent heitte "fritt predikativ" i tradisjonell norsk grammatikk "adverbial apposiskon". Det gamle namnet ville automatisk ha gitt oss ei viss rettleiing om leddpllasseringa (den svenske termen er "predikativt attribut", jf. Thorell, s. 220). Men "fritt predikativ" blir i dag likevel rekna for eit like ekte predikativ som "fast predikativ" – samstundes som det kan høyra heime både på a- og A-plassen. Etter mi meinig må det liggja ei viss sjølvmotseining i dette at ei viss gruppe av nominalet "predikativ" så å seia har fast plass som adverbial⁺. Også dette talar for at vi bør definera predikativet som eit nominalstyrt særledd, knytt til eit verbal.

Kan ein då følgja opp denne tankegangen med symbolmarkering i setningsskjemaet? Eg meiner ja. Ein liten p kan markera predikativet der det trengst. Np kan fortelja at her står det eit predikativ på nominalplassen. Vi får då Np over "lektor" i "han har vore lektor". Vi får Fp (predikativ i forfeltet) over "trøtt" i "Trøtt la han seg til å sova". Vi får ap over "stumme" i "Dei hadde stumme sett seg på plassane sine". Og vi får Ap over "slitne men lukkelege" i "Dei gjekk bortover, slitne men lukkelege".

Ei slik løysing gir rettleiing om strukturen i leddhierarkiet. "Predikativ" endar ikkje på -(i)al, og seier derfor indirekte at leddet ikkje høyrer med til toppsjiktet. Mot dette kan ein innvenda at Vinje og "Terminologien i norsk språklære" bruker "adjektival" om leddekk og ikkje om setningsledd av første rang. Her kan vi på

⁺Vi er klar over at Diderichsen i "Tredive år efter" (Danica, 1964, s. 113) seier at "Denne type (prædikativet) behøver ikke nogen særlig signatur, da den altid står på samme plads som de øvrige N".

den andre sida visa til at både Nordentoft og Lie bruker "unåerledd". Vi kan vidare visa til at svenskane bruker det tradisjonelle namnet "attribut" (Thorell, s. 50), og at Beito bruker "attributt" om underledd som står framfor overledd. Både Vinje og grammatikkomiteen til Norsk språkråd (ansvarleg for "Terminologien i Norsk språklære") burde ha valt ei av desse løysingane, også av di "adjektival" fører til nokre tunge språklege uttrykk som ikkje har den føremonen at dei er sjølvæfinerande, som "underledd" eller tradisjonelt innarbeidde, som "attributt".

2. Predikativt materiale.

2.1 Allment om terminologien.

Som eg alt har nemnt, er predikativa dirigerte av nominale setningsledd. Dei nominale ledda kan vera subjekt eller objekt, og etter som preäkativa er knytte til det eine eller det andre av desse, talar vi om subjektspredikativ eller objektspredikativ.

Eit predikativ kan vera nødvendig eller fast inventar i ei utsegn. Er predikativet fast, vil det seia at utsegna blir meiningslaus eller endrar tyding dersom vi fjernar det. Fjernar vi subjektspredikativet "tom" i "koppen er tom", får vi "koppen er", som ikkje gir mening (eg ser her bort frå den teoretiske tolkinga "koppen eksisterer"). Fjernar vi objektspredikativet "Gunnhild" i utsegna "dei kalla henne Gunnhild", får vi det meiningslause ordssambandet "dei kalla henne" (eller om ein vil den noko talemålsfjerne tydingsendringa: "dei kalla henne" = "dei ropa på henne").⁺

Men mange utsegner kan gi full mening om vi fjernar predikativa. Då talar vi om frie predikativ. Vi kan såleis fjerna "uspurd" i "Han vart med på dugnaden, uspurd". og "han vart meā på dugnaðen" blir ståande att og gir sjølvstendig mening. "(Som) venner" kan vi fjerna i utsegna "dei skildest (som) venner", og vi får "dei

+ Jf. òg seiemåten: "Han driv på og kallar folk" = -- set utnamn på folk.

skilstest", som gir sjølvstendig meinings. Men i dei to siste døma går vi glipp av ei tilleggsopplysning. Og her skal det leggjast til at grensene mellom faste og frie predikativ er flytande. Predikativa kan sjølvsagt drøftast ut frå desse synsvinklane. Det kan t.d. vera ønskjeleg med ein innbyrdes grensegang mellom faste og frie predikativ. Og for frie predikativ kan grensegangen utetter - t.d. mot adverbial og apposisjon - vera eit problem.

Vi skal ha klårt for oss at dei predikativinndelingane eg har omtala til no, er syntaktisk-semantiske grupperingar. Det er dels tale om koplingar til ord i visse setningsleddposisjonar (subjekts- eller objektspredikativ), dels koplingar som er nødvendige for å halda oppe ein meiningsberande struktur - motsett koplingar som ikkje er nødvendige for ei tilfredsstillande bodskapsformidling, men som gir tilleggsopplysningar. Sjølve terminologien kan vi i dag - etter bruksområda - kalla dansk-norsk. Opphavleg er det dansken Diderichsen som har ført inn desse termane. På dansk heitte dei frie predikativa tidlegare "tilstandsbetegnelser (EDG, s. 146, HDG, s. 41). Tage Hansen har seinare (Vort vanskelige sprog, 1965, s. 159) kalla dei "løse". Det same har Munck Nordentoft gjort (HDG, s. 41).

I eldre norsk grammatikk (jf. Heggstad: Norsk grammatikk, 1931, s. 173, 177 og 184) hadde vi denne inndelinga:

1. Predikatsord (subjektspredikatsord, objekts-predikatsord) var - med viktige unntak - det same som vi i dag kallar "faste predikativ".
2. Adverbial apposisjon var tilnærma det same som vi i dag kallar "frie predikativ".

"Predikativ" vart her i landet teke i bruk i 1921 av August Western i Norsk riksmaalsgrammatikk. Men det blir ikkje nyttta i vanlege skulegrammatikkar, bortsett frå Fossestøl, Lundeby, Torvik: I: Morsmålet (1964).

Så skal vi nemna at dei tilsvarande svenske termane er "preikatsfyllnad" (Wellander, Thorell) eller "predikat-substans" (Björn Collinder) for faste predikativ. Hos Wellander dekkjer termen "predikatsfyllnad" også frie predikativ, medan Thorell kallar dei "predikative

"attributt" og Collinder "predikatsspann" (Svensk språklära, 1974, s. 159). "Oegentlig predikatsfyllnad" har også vore brukt. Men det er ikke alltid tale om "kongruente" termar.

2.2 Predikativt materiale i nokre grammatiske arbeid.

Grammatikarane har meir eller mindre interessert seg for materialet i det predikative leddet, og eg skal her sjå litt på kva tankar dei har gjort seg. Først Diderichsen i EDG (s. 177):

"Som fast Prædikativ optræder Ord af alle Genstands-klasserne; som frit Prædikativ samt som Objekts-prædikativ (undtagen ved kalde) kun Adjektiver (og Participier); Infinitiver og Bisætninger kan kun unntagelsesvis optræde som Prædikativ: At digte, det er at holde Dommedag over sig selv (Ibs.)/Det kalder jeg (at) spille Klaver!/Spørsgs-maalet er, om hun er syg eller ej".

Faste predikativ kan altså vera ord av alle "Genstands-klasserne". jf. EDG s. 25: "De Ors, der betegner Genstande, har siden Oldtiden gaaet under Betegnelsen "Nominer"; de kan paa dansk passende kaldes Genstands-ord". Ein oppstilling på s. 32 gir likevel betre rettleiing om kva Diderichsen legg i materialet. Faste predikativ kan vera:

1. Proprium (kan alltid brukast som predikativ)
 2. Appellativ " " " "
 3. Adjektiv " " " "
 4. Pronomen (ikkje alle kan brukast som predikativ)
 5. Talord (kan alltid brukast, men er sjeldsynt)
 6. Genitiv av nomen (unntaksvis brukt som predikativ)
 7. Infinitiv (med at) (unntaksvis brukt som predikativ)
 8. Perfektum partisipp (dei fleste kan brukast som predikativ)
 9. Interjeksjonar (unntaksvis brukt som predikativ)
- Det blir særskilt nemnt at finitt verbal og konjunksjon

ikkje kan vera predikativ. For preposisjonar og adverb har Diderichsen sett spørsmålsteikn.

I "Förhandlingar ved sammankomst för att dryfta frågor rörande svenskans beskrivning II", Lund 1964, s. 70 f., har Erik Hansen peika på at Diderichsens definisjon⁺ også skulle kunna dekkja visse adverbialtypar, men at Diderichsen i praksis reknar desse typane ("statiske" adverb, preposisjonsuttrykk) som adverbial. Hansen hevdar at dei har funksjonseigenskapar som også er særmerkt for det predikative materialet. Eg illustrerer dette med nokre norske døme:

- "Han er mismodig/i därleg humør/neafor"
- "Ho var utilrekneleg/utanfor"
- "Dei skar epla sunde/i småbitar"
- "Han sat fange/i fengsel/inne (i mange år)"

Munck Nordentoft står dette synet i HDG, s. 44: "I forbindelse med være og blive kan predikativ og adverbial sideordnes: "Han var rask, oppe og i god bedring".

Diderichsen seier elles at frie predikativ og objektspredikativ berre kan vera adjektiv og partisipp (etter "kalla" gjer han unntak for objektspredikativet). Munck Nordentoft hevdar det same i HDG, s. 43. Men denne avgrensinga finst ikkje i dei grammatikkane vi skal nemna nedianfor.

I "Kompendium" (s. 80 f.) har Finn-Erik Vinje ikkje noko samla oversyn over det predikative materialet, men ut frå samanhengen kan vi seia at han reknar med desse ordtypane:

1. Substantiv ("Hunden er et pattedyr")
2. Adjektiv ("Hesten er blakk")
3. Perfektum partisipp nytta som adjektiv ("Stend er bygda")
4. Pronomen ("Hjem er Kjell?")
5. Presens partisipp ("Kureren kom løpende")
6. Attributiv kortsetning (Født i Bergen kom hun til)

+ EDG, s. 175: "Prædikativer er Indholdsled, der angiver hvad den med Subjektet, henh. Objektet, betegnede Genstand er, bliver eller hedder".

å tilbringe hele sitt liv i denne byen")

Så langt eg kan sjå, har ikkje Vinje døme som viser at talord og infinitiv kan vera predikativ. Derimot nemner han at predikativa kan "innledes med et som, eller et for eller til". Han årøfter òg grensegangen mot adverbial og reknar typane "Han er uten penger. Hun er med barn. Han er langt nede" for predikativ. Han viser her til at Fossestøl, Lundeby, Torvik, i I: Morsmålet (1964, s. 121 i nno. utg., s. 115 bm. utg.) har ført opp desse døma på predikativ: "Kjell er ute. Kvar har du vori? Vi var på ferie".

I "Norsk syntaks" (s.79-80) gjer Svein Lie særskilt greie for det predikative materialet:

- a) adjektiv, presens partisipp, perfektum partisipp ("kan stå som objektspredikativ")
- b) substantiv, substantivisk hypotagme, pronomen, talord, infinitiv, leddsetning.

Og han legg til:

"Noen regner også med at preposisjonsuttrykk kan være predikativ. Det gjelder eksempler som: Hun er med barn. Han er i godt humør. Disse setningene er nærmest synonyme med : Hun er gravid. Han er glad".

I "Svensk grammatik" nemner Thorell det predikative materialet (s. 215 f.), men knyter det til dei ulike typane av verbal. Skjematisk kan ein seia at materialet hans femner om:

1. Substantiv ("Vasaloppet är världens största skid-tävling")
2. Adjektiv og substantivert adjektiv ("Björkarna växer höga och raka som furor. Kullens fyr är den ljusstarkaste i Sverige")
3. Pronomen ("Den här boken är min")
4. Talord ("Klar tvåa ligger Italien")
5. Presens partisipp ("Släktningarna var rasande")
6. Perfektum partisipp ("Vi fann alla utvägar stängda")

7. Infinitiv ("Han är inte att lita på")

8. Leddsetning ("Han blev vad man kallar en odugling")

Men Thorell har også denne merknaden:

"Mera sällan utgöres predikativet av adverb, prepositionsfras eller subjunktionsfras". Döme: ("Det är inne att vara lärda. utan bil vill man ju ogärna vara").

Han understrekar at partiklane för, som og till er vanlege etter visse koplingsverb⁺: "Han gäller för expert. De gamla kära replikerna ansågs som heliga. Han gjorde det till en vana --".

Vi skal merkja oss at Diderichsen i det heile ikkje har nemnt predikativ tilknyting med partiklane for, som og til. Denne utvidinga har kome seinare, til dels i samband med auken i utvalet av koplingsverb, som saman med desse partiklane nokså bra har fylt den avbleikte tydingsfusjonen til dei tradisjonelle "predikatsordstyrande" verba. Utviklinga her må vi kunna sjå på som uttrykk for aukande djupstrukturell analyse. Vi skal vidare merkja oss at partikkeltilknytinga i hovudsaka gjeld substantiv, substantiviske ledd og pronomen.

2.3

Framlegg til inndeling av predikativt materiale i nynorsk.

Det predikative materialet kan systematiserast ut frå fleire synsvinklar. Eg skal her velja éin av dei og rekna opp ein del döme for kvar inndelingstype. Dömesamlinga er ikkje representativ for alle sider av den inndelingstypen som skal illustrerast, men kan gi ei viss rettleiing. Döma her har vidare normal kongruens. Grenseområdet for kongruens vil bli drøfta særskilt under punkt 3.2 (s.28).

2.3.1

Substantiv.

a) Faste samband.

I. Subjektspredikativ:

Per er fiskar. Oksedyr er jortarar. Eld og vatn er

⁺Björn Collinder kallar dei "kopula" eller "utsagobandet" (Svensk språklära, 1974, s. 108).

yonde herrar, men gode tenarar. Han vil bli flygar. Han vart verande sjømann heile livet sitt. Han heitte Ola. Ho vart kalla (døypt) Ingebjørg. Dei vart haldne for ørlege folk. Dei vart stempla som brotsmenn. Dei vart rekna for snyltarar. Han vart vald til president. Dei såg ut som sluskar. Dei levae som grevar. Ho treivst som lærar.

II. Objektspreikaativ:

Dei kalla (døypte) henne Gunnhild. Han gjørde seg goðvenn med henne. Ho kjende seg som gissel i dette selskapet. Ho tolka gleppet som ei arbeidsulukke. Han tok det for god fisk. Dei sette han til dommar.

b) Frie samband.

I. Subjektspredikativ.

Dei skilstest (som) venner. Han treivst som lærar. Husa låg som perler på ei snor. Han øyáde som fiskehendalar i Bergen. Helt frå Sebastopol og namnjjeten ung diktar, dertil jordherre og adelsmann, var han ein av deim som var mest med og mest vyrd (siterat frå Garborg i Heggstads grammatikk, s. 184).

II. Objektspredikativ.

Eg likte han som lærar. Eg hugsa godt Edvard Drabløs som Jeppe. Ho kravde kr 5 000 som betaling. Eg såg han lik.

2.3.2 Pronomen.

Faste samband.

I. Subjektspredikativ.

Det er eg. Det er deg han leitar etter. Feilen er din. Han var alltid seg sjølv. Eg er ikkje kven som helst. Kva heiter du? Han er den same. Dei er mange om det. Slik er livet. Somme

kjerringar er slike.

III. Objektspredikativ.

Skal vi kalla kvarandre du?⁺ Eg reknar feilen som min.

MERKNAD: Predikativ funksjon kjem her mest på tale etter dei usjølvstendige hjelpeverba, sjå ovanfor. Dette kjem truleg av at pronomena har eit nøytralt tydingsinnhald - motsett substantiva, som er utpeikande og kan ha eit karakteriserande tydingsinnhald. Den karakteriserande nyansen i substantiv kan gi grunnlag for predikativ funksjon: "Han treivst (i rolla) som lærar. Dei skilstest som vener".

Etter Heggstad er ubundne pronomen adverbiale apposisjonar i visse samanhengar: "Dei var alle farne heimanfrå. Gutane var sume i Amerika" (Nynorsk grammatikk, s. 185). Diderichsen plasserer slike ord under merkelappen "Bestemmerled i Genstandshelheder" (EDG, s. 177), dvs. som "Adled" (EDG, s. 221), som svarar til norsk attributt. Vinje reknar dei for apposisjonar: "De vil alle ha sin del av kaka. Herren skapte dem begge" (Kompendium, s. 98). Mykje talar for at Vinje har rett i at vi her berre kan tala om apposisjonar. I ei utsegn som "han kalla dei begge svikarar" kjem dette klårare fram. Svikarar er her eit tydeleg predikativ, medan "begge" er ein like tydeleg apposisjon til "dei". Dei ubundne pronomena har substantivisk funksjon, og sidan dei fleste grammatikarane vil avgrensa apposisjonar til ord med substantivisk

+ "Du" står her i same stilling som "Per" i "Dei kalla han Per".

funksjon, blir dette vilkåret oppfylt⁺.

2.3.3 Adjektiv.

Faste samband.

I. Subjektspredikativ.

Huset er stort. Dei såg furtne ut. Dei sat hand-falne og såg på. Husa stod tomme. Tida fell lang. Han verkar trøytt. Børrene kjendest tunge. Støvlane rann fulle av vatn.

II. Objektspredikativ.

Ho gjorde han glad. Dei heldt fuglane tamme. Han hadde låven full av høy. Dei gjekk seg ville i skogen. Dei åt seg mette. Retten fann han skuldig i tiltalen. Upåliteleg held eg han for å vera.

Frie samband.

I. Subjektspredikativ.

Ungane låg flate på marka. Trubadurane vandra sorglause ikring. Glukoserestar finst frie i johannesbrøa. Elva rann still i dalbotnen. Dei sat gjelfrie på garden. Ho låg vaken i senga.

II. Objektspredikativ.

Katten åt fisken rå. Drukken skulle dei ikkje få sjå henne. Dagen etter fann dei hesten daud. Dei kjøpte møblane nye. Dei drakk mjølka sur.

2.3.4 Perfektum partisipp.

MERKNAD: I eldre norsk grammatikk vart termen

+ Vinje og Lie er usamde om dei funksjonskrava ein må setja til apposisjonar. Vinje held på at også adjektiv kan fungera som apposisjonar: "Han kom tidlig, svært tidlig, til selskapet" (Kompendium, s. 98). Lie slår fast at "Siden apposisjonskonstruksjoner består av to substantiviske ledd, har vi ikkje apposisjoner i "De kom tidlig, svært tidlig, til selskapet" (Norsk syntaks, s. 20).

predikatsord brukt både for det vi i dag kallar predikativ og for det kongruensbøygde partisippet (infinitiv verbal) etter yera, verta og bli. Såleis i Heggstad: Norsk grammatikk (1931), s. 144:

"Fortid partisipp kann vera subjektspreakats-ord; hit høyrer dei umskrivne verbalformer med yera og verta: han er funnen, han vert funnen; han er komen. Reint adjektiv hev partisippet vorte i: guten vert frosen; han er vaksen."

Og vidare:

"Fortid partisipp kan vera objektspredikats-ord: talen gjorde honom umtykt; dei trudde seg svikne; han vilæ få guten upplærd til prest."

Denne syntaktisk-semantiske kløyvinga av predikatsord til infinitiv verbal og predikativ ser ut til å vera godteken i nyare grammatisk analyse. Ho er truleg ei underforstått følgje av at predikativ er definert som eit nominal. Når ein slik definisjon er knesett, må ein halda infinitive verbal utanfor - sidan dei ikkje kan vera nominal. Hadde predikativ derimot vore definert som eit "adnominalt" ledd, ville termen "predikativ" også ha dekt infinitive verbal og då svara til den svenske termen "predikatsfyllnad" slik han er brukta t.d. av Wellander, jf. "Riktig svenska" (1973), s. 192:

"Som predikatsfyllnad rättar sig perfekt-participet liksom adjektivet naturligtvis till genus och numerus efter subjektet".

Wellander har på same sida desse døma på "predikatsfyllnad":

"En reservation er fogad till skrivelsen".

"Mötet var anordnade i alla parker".

Eg meiner at den nye terminologiske kløyvinga ikkje er problemfri, og at ho kan føra med seg unødvendige spekulasjonar for grammatikkstudentar. Ein ting er å skilja mellom 1) stivna partisipp (partisipielt adjektiv), og 2) partisipp som

nødvendig del av verbal heilskapsutsegn (infinitiv verbal). Noko anna er å peika på den funksjonen desse to partisipptypane til saman har som adnomiale ledd. Her meiner eg at termen "predikativ" både logisk og pedagogisk hadde gjort best nytte for seg - som ein parallell til den svenske "predikatsfyllnad".

I "Svensk grammatik", s. 147, drøfter Thorell funksjonsskilnaden på infinitiv verbal og partisipiert adjektiv. Denne drøftinga kastar litt meir lys over problemet, og eg tek henne med her:

"Både tvingad och tvungen uttrycker ett tillstånd, och där i ligger en viktig likhet mellan perfekt particip och adjektiv. Men participet (tvingad) associeras med en verbal handling (tvinga) som har framkallat tillståndet, medan adjektivet (tvungen) inte förbindes med någon verbal handling. Det är framför allt det nära sambandet med motsvarande verbs finita former som bevarar den verbala karaktären hos participet. I den mån participet isoleras från de finita verbalformerna, närmar det sig adjektivet och övergår till att bli vad man kallar participiellt adjektiv; tvungen är just ett perfekt particip av det starka verket tvinga tvang tvungen, som förlorat sambandet med övriga verbformer och blivit ett participiellt adjektiv".

I Norsk syntaks, s. 83, nemner Lie tre omskrivningskriterium som ein kan bruka til å skilja predikativ (som nominal) frå infinitiv verbal:

"Hvis vi har passivsetningen Ho er funnen, kan vi lett skrive om til Nokon fann henne. Ho er funnen er da den passive motsvarigheten

til Nokon fann henne. Vi har da finitt og infinit verbal. Har vi aktivsetningen Dei er komne, kan vi lett skrive om til preteritum Dei kom eller presens Dei kjem. Dei er komne går inn i et verbalt bøyningsmønster og må ha finitt og infinit verbal. Setningen Ho er oppteken kan derimot neppe tolkes som aktiv til Nokon opptok henne, og oppteken bør derfor betraktes som predikativ. - Partisipper som står som preaikativ, kan, som adjektiver, lett få gradsadverb til seg: Ho er svært oppteken. Partisipper som fungerer som infinit verbal, får ikke lett gradsadverb til seg: "Ho er svært funnen, Dei er svært komne".

For dei øøma som Lie nemner, gjer omskrivinga god teneste som pedagogisk hjelpemiddel. Men ein må ha klårt for seg at omskriving ikkje hjelper i alle tilfelle. Døme: "Dei er resignerte" kan vi skriva om til "Dei resignerer" eller "Dei resignerte", men vi kan òg seia at "Dei er svært resignerte". "Han er oppovna" kan vi skriva om til "Han hovna opp", men vi kan òg seia at "Han er svært oppovna". "Kleda er sundrivne" kan vi skriva om til "Einkvan reiv sund kleda", men vi kan òg seia at "Kleda er svært sundrivne". Det finst mange slike partisipp med dobbel funksjon.

Lie seier elles (s. 79) at

"Terfektum partisipp kan stå som objektspredikativ. Dei fann sauene drepne. Som subjektspredikativ kan det stå bare når det har glidd over til å bli et adjektiv. Skoene var utgått. Hun er interessert."

Denne rettleiinga tvingar oss til å definere "sundrivne" i "Kleda er sundrivne" som adjektiv og ikkje som infinit verbal. Det må òg nemnast at ei lang rekke partisipp som er subjektspredikativ, etter regelen ovanfor må tolkast som adjektiv trass i at gradbøyingsalternativet med "svært" ikkje kan

brukast på dei. Døme: "Graset låg nyslege på vollen" (vi kan ikkje seia at "graset låg svært nyslege"). "Ho gjekk heim sjukmeld (ikkje "svært sjukmeld")". "Fuglen låg skoten" (ikkje "svært skoten") på marka". "Ho reiste smitta (ikkje "svært smitta") til utlandet". "Hønene sat vagla (ikkje "svært vagla") i buret".

Det materialet eg her har drege fram, viser at grensegangen mellom infinit verbal og partisipiert adjektiv er innfløkt. I den vidare drøftinga vil eg derfor gå på tvers av nyare synsmåtar og inkorporera infinit verbal i predikativet. Reint sakleg byggjer eg her på det synet eg har freista å underbyggja - at predikativet bør definerast som eit nominalstyrte særleid, knytt til eit verbal, og ikkje som eit nominal (jf.s. 2 og s. 16).

Faste samband.

I. Subjektspredikativ.

Ho er sliten. Dei var svoltne. Interesserte var dei. Dei verka oppglødde. Vatnet låg frosé. Dei såg nedtrykte ut. Skodd skulle hesten vera. Ho er funnen. Han er komen.

II. Objektspredikativ.

Formannen kunngjorde møtet sett. Dei fekk mannen dømd. Ho kjende seg sliten. Dei såg saka som tapt. Eg har noko ugjort. Framferda gjorde dei hata av folket (Beito).

Frie samband.

I. Subjektspredikativ.

Graset låg nyslege på vollen. Kråkene flaug skremde bort. Geværet stod blankpussa på loftet. Jentene kom ubedne til festen. Hønene sat vagla i buret. Dei kom til gards, utslitne og svoltne. Han vart med på dugnaden, uspurd. Han møtte i retten, saksøkt for brot på § 12. Hesten stod vend mot veggen (Beito).

II. Objektspredikativ.

Han ville kjøpa huset usett. Dei skulle få silda kokt. Dei fann sauene drepne. Dei melde mannen sakna. Ho skulle få eit teppe, vove av Sigrun Berg.

2.3.5 Presens partisipp.

Faste samband.

I. Subjektspredikativ.

Maten er etande. Han vart ståande. Ho vart rasande. Det er ikkje ventande.

II. Objektspredikativ.

Dei greidde ikkje å halda båten flytande. Han gjorde jernet glødande. Dei gjorde vegen farande.

Frie samband.

I. Subjektspredikativ.

Han kom gåande. "Kom hit", sa ho leande. Levande skal han ikkje koma frå det. Eg sette meg paa ein Stein og skaut Pusten, turkande Sveiten av Panna mi (A.O. Vinje).

II. Objektspredikativ.

Han fekk pengar sendande. Han såg mora sitjande attmed barnet. Ho sette seg gråtande på senga.

2.3.6 Infinitiv.

Faste samband.

I. Subjektspredikativ.

Han er ikkje å lita på. Aa leva, det er aa elskar (Vassbotn). Dette heiter å stevjust.

II. Objektspredikativ.

Det kan ein kalla å dumma seg ut.

2.3.7 Talord.

Faste samband.

Subjektspredikativ.

Klokka er to. Ho var den tredje i rekjkja.

2.3.8 Visse adverb og preposisjonsuttrykk.

MERKNAD: Eg har på sidene 9 og 10 peika på at Diderichsen i praksis ikkje reknar med at adverb og preposisjonsuttrykk kan vera predikativt materiale. Eg har likeins vist at Erik Hansen har prøvd å føra analysen vidare på dette punktet. Grammatikkarane som eg har omtala i denne utgreiinga, har seinare i varsame ordelag følgt Hansen eit stykke på veg. Munck Norientoft går så langt at ho reknar adverb og preposisjonsuttrykk for "adverbiale predikativ" når dei kan stå logisk sideordna med vanlege predikativ etter vera og bli (HDG, s. 44). Eg meiner at høve til predikativ sideordning her bør vera eit grensesetjande kriterium, men at dette ikkje bør vera avgrensa til vera, bli og verta. Med andre ord: kan eit adverb eller eit preposisjonsuttrykk skiftast ut med eller sideordnast eit nokolunde tydingstilsvarande predikativ, må dei kunna reknast for "adverbialt predikativ" eller "a/p-led" som Hansen kallar det. Kriteriet bør ikkje vera absolutt og unntakslaust. Det er i første rekjkje meint som ein nyttig reiskap i den vidare analysen av stoffet i dette uklare grenseområdet. Dømesamlinga nedanfor byggjer på denne grensegangen:

I. Faste samband.

Subjektspredikativ.

Ho er i godt humør/glad. Ho er med barn/gravid. Han er nedfor/i därleg humør/mismodig. Han var utanfor

/utilrekneleg. Han er frå vitet/vitlaus. Ho er utan arbeid/arbeidslaus. Han er inne i saka/ekspert. Dei låg i influensa/sjuk. Dei levde i fattigdom i mange år/fattige. Dei gjekk i fine klede/fint kledde. Ho går i søvne/sovande.

Objektspredikativ.

Dei heldt arbeidet i gang/gåande. Ho drakk han under bordet/sanselaus. Han skar epla i småbitar/sunde. Vi gjorde oss i stand til turen/klare.

II. Frie samband.

Subjektspredikativ.

Dei kom heim i god form/friske. Dei reiste til byen utan pengar/blakke. Utan våpen greidde han å kapra flyet/uvæpna, våpenlaus. Han ropte i sinne/sinna.

Objektspredikativ.

Han skaut fuglen i floget/flygande. Dei kokte potetene utan salt/usalta. Dei fann hesten i livet/levande. Dei slo dyret i svime/sanselaust.

2.3.9 Leddsetningar.

Faste samband.

Subjektspredikativ.

Det verste er at han ikkje kan koma. Spørsmålet er om du har tid. Problemet er kva vi skal seia til dette. Trass i at han var stril, trivdest han bra i Bergen.

Objektspredikativ.

Eg har noko som ikkje er gjort (jf. "Eg har noko ugjort").

Frie samband.

Subjektspredikativ.

Som den tosken eg var, tok eg imot tilbodet. (jf. Thorell, s. 220). Ho sprang som om ho var galen

Objektspredikativ.

Han kjøpte huset slik det stod (jf. "Han kjøpte huset uset"). Dei likte han som den sjarmøren han var.

MERKNAD: Til denne gruppa må vi rekna attributive kortsetningar og preposisjonsuttrykk av typene: Ferdig med eksamen, reiste han til Amerika. Med handa på hjarta, lovar du å koma?

3 Predikativ kongruens.

3.1 Predikativ kongruens i nokre grammatiske arbeid.

Eg har frammanfor definert predikativet som eit nominalstyrt særledd, knytt til eit verbal. Den nominale styringsfunksjonen blir - m.a. i dei skandinaviske måla - realisert i ei meir eller mindre gjennomført kongruensbøyning i det predikative ordklassematerialet. Det formelle kriteriet er altså ikkje unntakslaust, og dette atterhaldet kjem òg tydeleg fram i grammatikkane.

Danmark:

Diderichsen (EDG, s. 164):

"--- som Regel retter [predikativa] sig efter dette [subjektet] i Genus og Numerus (Huset er højt/De blev alle Soldater/De Blomstrer hedder Georginer)."

Og på side 177:

"Prædikativet retter sig i Køn og Tal efter sit Subjekt (Objektpredikatsord efter Objektet). I visse faste Udtryk er det dog ubøjeligt: Skibene sprang løk. De stod Skildvagt. Vi kørte dem træt(te)".

Munck Nordentoft (HDG, s. 42):

"Som eksemplerne viser retter prædikativet sig i køn og tal efter subjektet/objektet. I visse faste udtryk kongruerer leddene dog ikke: fx Soldaterne stod skildvagt."

Aage Hansen (Moderne dansk II, 1967, s. 370) er derimot meir språkfilosofisk engasjert:

"Funktionen af genus- og numerusbøjningen er jo at angive adjektivets tilhørssforhold til et bestemt substantiv. Denne funktionen er helt overflødig når adjektivet står attributivt, og heller ikke til megen nytte når adjektivet står som fast prædikativ. Mest funktion bliver der tale om ved adjektivet der står som løst prædikativ, hvor det ved sin bøjningsform undertiden kan danne modsætning til samme adjektiv i adverbial anvendelse, og hvor adjektivet bruges substantivisk."

Sverige:

Olof Thorell (SG, s. 215):

"Predikativet modifierar (beskriver eller avgrensar med hjälp av verbet antigen subjektet eller objektet i satsen, hvilket tar sig formelt uttryck i att predikativet kongruerar med subjektet eller objektet i fråga om numerus och genus."

Dette må tolkast som ei skjematiske og allmenn utsegn om kongruensstilhøvet i rikssvensk. Unntak nemner Thorell t.d. på side 25:

"Revy är roligt: det piggar upp en ordentligt. Matematik är svårt. Slalomskidor är för dyrt", osb. Han kjem elles ikkje inn på kongruensproblemet. Årsaka er nok at ei nærrare jamføring av moderne svensk usus med skriftmålstradisjonen ville ha sprengt ramma for boka, som i første rekke er meint som ei innføringsbok i rikssvensk for universitetsstudentar.

Erik Wellander:

Den fremste talsmannen for "vårdat" svensk, Erik Wellander, har derimot interessert seg mykje for kongruensen. I utgåvane av "Riktigt svenska", fra den første tida i 1939 til den nest siste i

1965, sette han svært strenge kongruenskrav. Men språkutviklinga grov meir og meir grunnen under regelverket hans. Dette vedgjekk han i ein artikkel om "Svenskans tillstånd och behov" i det første nummeret av "Språkvård" i 1965. Han drøfta aer opphavet til nedbrytinga:

"Inom formläran har en stor förändring skett sedan sekelskiftet. Verbets särskilda pluralformer har efter talspråkets mönster slopats även i skriftspråket. Denna reform kan nu anses genomförd - för den ungdom som fostras i grundskolan ter sig de göra lika främmande som I gören och Vi görre veterligt. Därmed försvisser det viktigaste skälet för akt-pågivande på subjektets numerus, och följderna uteblir icke."

Med ei omfattande dømesamling (henta frå samtidssvensk skriftspråk) syner Wellander at den predikative kongruensen er i ein slags opplysingstilstand både når det gjeld numerus og genus. Han er vonbroten over dette. Men det er først og fremst regelløysa og inkonsekvensane som skremmer han:

"Den som skall skriva kapitlet om predikatsfyllnadens form i nutidens svenska får alltså ingen lätt uppgift. Tron på en lyckosam "utveckling" skulle kunna räddas om de många detaljändringarna här styrde hän mot en enklare regel, exempelvis mot en oböjd predikatsfyllnad såsom i engelskan, men inga tecken pekar åt det hålllet. Vi har kvar våra tre former ren, rent, rena och klar, klart, klara, och frågan är hur de skall brukas."

Gun Widmark:

Året etter, i "Språkvård" nr. 2 1966, drøfte dosent Gun Widmark synsmåtan til Wellander (Mr färsk sill

god eller gott?). Ho nemner m.a. at Wellander sjølv har vist at kongruensen ikkje kan haldast oppe i alle tilfelle. Han måtte t.d. gi Ragnar Ljunggren (Nysvenska studier 11, s. 119) rett i at det er ein viss skilnad på En ny utrikesminister vore inte så dum.

og En ny utrikesminister vore inte så dum.

Widmark understrekar at motsetnaden kongruens/inkongruens kan gi høve til tydingsvariasjon. Sagt med eit norsk døme: "rosen er vakre" går på dei konkrete, einskilde rosene, men "rosen er vakkert" går på rosen i det heile, t.d. som vekstslag, på bukett o.l. For Widmark er det altså ikkje tale om eit "ant n - eller", men eit "b de - og":

"Den nya konstruktionen med inkongruent predikatsfyllnad ger oss m jligheter att kort och rakt p  sak uttrycka vad som f rr endast kunde s gas med en viss pedantisk utf rlighet" (s. 4).

Erik Wellander:

I 1973 kom Wellander med ei ny utg ve av "Riktig svenska", og der har han i nokon mon gjeve avkall p  dei strenge kongruenskrava:

Wellander i 1965:

"V rdat skriftspr k till ter ej dylik inkongruens: Adeln stodo ensamma (skriv ensam)"
NUMERUS (s. 388).

Wellander i 1973:

"V rdat skriftspr k undviker dylik inkongruens: Adeln stod ensamma - skriv ensam" (s. 197).
("till ter ej" er skift ut med "undviker")

Wellander i 1965:

GENUS "I denna strid mellan tv  vart f r sig ber ttigade krav (kongruens og inkongruens) se rar ofta inneh llet  ver formen, s  att konstruktionen str ngt grammatiskt sett blir okrigtig: Hovr tsr det  r utg ngen".

Wellander i 1973:

"I denna strid mellan två vart för sig berättigade krav segrar ofta innehållet över formen: -- Hovrättsrådet er utgången. (det blir no ikkje sagt at inkongruensen "strängt grammatiskt sett blir oriktig")

Noreg:

Beito:

Den predikative kongruensen er nemnd i "Nynorsk grammatikk" på side 154 (substantiv), side 217 (adjektiv), side 232 (pronomen), side 269 (usjølvstendige verb), side 280 (infinitiv) og 287 flg. (perfektum partisipp). Under "Usjølvstendige verø" heiter det at

"Hopehavet med subjektet får òg formelt uttrykk med di at predikativet kan få kongruensbøyning i samsvar med subjektet".

Under "Adjektiv" (s. 217 og 218) nemner Beito nokre typar der vi ikkje har formelt samsvar mellom subjekt og predikativ.

Vinje:

I "Kompendium" på side 85 heiter det:

"Som nevnt er adjektivets eller substantivets kongruens med subjektet eller objektet et formelt kjennetegn på predikativet. Men både ved subjektspredikativ og objektspredikativ fins det en tendens til ubøyde former, især i bokmål, slik at kongruenskjennetegnet faller bort. Jfr. Falk og Torp, s. 106 f."

Grammatikkomitéen:

Sitat frå side 67:

"Predikativet kjennetegnes av sin mulighet for kongruens, enten med subjektet eller objektet.

Men denne egenskap har predikativet sammen med adjektivalet".

Olav Næs:

I "Norsk grammatikk" (under "Predikativ") nemner Næs på side 286 nokre tilfelle der vi ikkje har predikativ kongruens for substantiv og adjektiv. Han nemner spesielt at bokmålet

"gjerne sløyfer kongruens i perf. part.: Vi er ikke interessert i tilbudet."

Svein Lie:

I "Norsk syntaks" heiter det i avsnittet "7.8. Kongruens" på side 83:

"Noen ganger regner vi med predikativ trass i at vi ikke har kongruens med subjektet".

Han konkretiserer dette i 4 punkt.

Leiv Heggstad:

Samsvarsbøying er nemnd på sidene 44, 98 flg. og 142 i "Norsk grammatikk". På side 99 heiter det:

"I sume faste ordlag kann predikatsordet missa bøgningi, t.d. dei vart ikkje kvitt han; dei vart var (eller vare) det."

3.2. Grenseområdet for predikativ kongruens i normert nynorsk.

Tre setningsledd er med i den predikative funksjonen:

- nominalet (på subjektsplassen eller objektsplassen)
- verbalet (koplingsleddet)
- predikativet

Sidan nominalet har ein styrande innverknad på predikativet - også når det gjeld samsvarsbøying

25 -

eller ikkje -, skal eg først nemna kva slag materiale som kan stå som subjekt og objekt:

1. Substantiv (Per er fiskar. Dei kalla landet Island)
2. Pronomen (Eg er fiskar. Dei døypte henne Gunnhild.
Dei åt seg mette. Begge vart sende heim.
Det er eg som spør. Ho gjorde alle glade)
3. Adjektiv og adjektiviske partisipp, brukte som substantiv.
(Heilt og reint er største stasen. Han helsa dei gamle velkomme. Gøynt er gløynt)
4. Grunntal og rekjketal (Tre (av borna) er vaksne.
Dei dømde den andre fredlaus)
5. Adverb, ofte i elliptiske konstruksjonar (Borte er bra, men heime er best. Tidleg er betre enn seint)
6. Infinitiv (Å mosjonera er sunt)
7. Leddsetningar (Om han kjem, er heilt uvisst.
At han skal reisa, er sikkert.
Kva han meiner, er uklårt)

I dei tilfelle der predikativ kongruens kjem på tale, vil genus og numerus i det nominale leddet spela den avgjeraende rølla. Men det nominale leddet er ikkje alltid ein eintydig formell retningsvisar. Infinitivar og leddsetningar har t.d. ikkje genus- og numeruseigenskapar. Adverb gir ikkje rettleiing om numerus, men dei som er inkjekjønnsformer av adjektiv, krev kongruens. Grunntal gir rettleiing om numerus, men ikkje om genus. Rekketal som står substantivisk med den eller denne framføre, gir ikkje rettleiing om ho- eller hankjønn. Ser vi bort frå personlege pronomen i 3. person eintal, gjeld dette også pronomen. Konkret kunnskap må derfor avgjera samsvarbøyninga i visse tilfelle, som t.d. her: "Du er liten/lita", "Ho trudde eg var ei anna/ein annan". Og så må det leggjast til at kongruensproblem òg kjem opp etter ord med genus- og

numerusbøyning. "Constructio ad sensum" må då ofte avgjera den predikative bøyninga, men det skal vi drøfta nærmare nedanfor.

3.2.1 Substantiv.

Subjektspredikativet skal normalt ha talsamsvar med subjektet, objektspredikativet med objektet, jf. dømesamling på side 12. Det finst ein del unntak frå denne regelen:

- a) Nominal i fleirtal, predikativ i eintal.

Subjektspredikativ.

Bondeorganisasjonane var motpart i lønstringane. Dei stod fadder til barnet. Dei var far til ideen. Dei vart offer for eit brotsverk. Dei stoā brur same dag (velbrukt døme på "adverbial apposisjon" hos Heggstad, s. 184). Dei gjekk mann av huse. Pengar er materiell verdi. Dei gjekk berserk. Dei vart ein klamp om foten for partiet. Dei sat modell for han. Soldatane stod yakt. Dei ville vera kamerat (kompis) med han. Tolv vil bli direktør i Prisdirektoratet. Friarane var ei plage for henne. Vi er eit folk. Vi er ein familie. Vi er støy (Olav Næs).

Objektspredikativ.

Dei heldt oss for narr. Dei gjorde seg til hund for eit bein. Dei ville gjera seg til herre over naturkreftene. Dei gjorde seg til talsmann for dei undertrykte.

- b) Nominal i eintal, predikativ i fleirtal.

Subjektspredikativ.

Eg er venner med henne. Det var vikingane som herja i Skottland. Dette var travle dagar.

3.2.2 Pronomen.

Dei fleste pronomena kan stå som preaikativ etter vera, verta og bli, sjeldan elles, jf. punkt 2.3.2 s. 13. Inkongruens for tal og kjønn synest her sjeldsynt, men finst:

Det er vi som kjem. Er det ingen her som er mor? Ferie vart noko anna enn han hadde drøymt om. Pengar er alt. Jenter er så mangt. Merk tydingsskilnad for "Det er slikt (dette) han har sagt". I bokmål ser kasusinkongruens i typane "Det er meg", "Engelskmennene drikk meir te enn oss" ut til å vinna overtaket, medan ny-norsk normalmål held på samsvaret.

"Det er slik (på denne måten) han har sagt det" og

3.2.3 Adjektiv og perfektum partisipp.

Sidan adjektiv og perfektum partisipp er sentralt materiale i predikativ kongruensbøyning, ville lesaren kanskje ha venta at eg her gav ei fullstendig og systematisk framstilling av regelverket for bøyning av desse ordtypane, og så helst på historisk bakgrunn. Så langt kjem eg ikkje til å gå. Føremålet med denne utgrieinga er i første rekke å granska grenseområdet for predikativt samsvar. I denne samanhengen er det sjølvsagt viktig å kjenna normalbøyningsskjemaet og avvik frå det i skrift og tale. Men grenseproblema er berre i minare grad knytte til sjølve rettskrivinga. Det er heller tale om å forma ut skrivereglar for når og korleis ein skal bruka det regelverket som er kodifisert i offisielle rettskrivingsvedtak.

Eg skal illustrera dette med nokre øeme: i ordlistene kan vi finna ut korleis vi skal bøya adjektiva sunn, var, klår og vaken. I inkjekjønn heiter desse orða sunt, vart, klårt og vake/vaki, i fleirtal sunne, vare, klåre og vakne. I attributiv stilling har vi bruk for alle desse bøyningstypane og samsvaret gjeld

heilt ut her. Men i predikativ stilling kan vi ha meir eller minare brot på samsvaret. For yar og klår gjeld dette utan etterhalde. Vi skriv helst: "barnet vart var mora" og "vi er klår over vanskane". For sunn og vaken kan vi også få brot på det prediktive samsvaret, men berre når dei står til visse typar av nominal, som vi skal drøfta seinare: "Grønsaker og fisk er sunt", "Frisk luft er sunt", "Ekteparet var vakne". Tolking av tydinga til det styrande nominalet kan her vera avgjerande.

I andre tilfelle vil kongruensen gå tapt av di språkbrukaren knyter ordet til verbalet og ikkje til nominalet. Vi får då typen "Elva rann stilt i dalbotnen" i staden for "Elva rann still i dalbotnen". Her har vi mange grensetilfelle der dels semantisk tolking og dels analogisk påverknad er avgjerande.

3.2.3.1 Kongruenstab for einskildord utan omsyn til nominalleddet.

Adjektiv.

Heggstad (NOG, s. 99) og Beito (NYG, s. 218) seier at predikativet kan missa bøyning i somme faste gralag og nemner desse døma:

Dei vart ikkje kvitt (Beito òg: kvitte) han.

Dei vart var(e).

Men både Heggstad og beito vil ha samsvarsbøyning i desse døma:

Borna er like mor si.

Dei er ikkje vane med noko betre.

Dei er ikkje stort verde.

Dei hadde borna kjære.

Mannen gjorde dei vise med det han hadde hørt. Hellevik nemner i "Norsk på ny" (s. 68) at bortfall av fleirtalsbøyning i faste sambaná med preposisjonar er heller vanleg, og at ein møter det i skrift, t.d.:

Alle barn er glad i iskrem.

Vi er samd i, merksam på ...

Men Hellevik legg til at det normale i skrift er fleirtalsform.

Denne ordtypen er drøfta i årsmelding (1966, s. 29) fra Norsk språknemn.. Det heiter der i eit svar på spørsmål om samsvarbøyning:

"Når adjektivet er del av eit fast uttrykk som verte var e.l., blir det ofte ikkje bøygd i kjønn og tal: dei vart var, dei vart klår over, vi vart ikkje kvitt dei. I uttrykk som ikkje er så fast innarbeidde som desse, vil ein oftast bøye adjektivet, t.d. i vere merksam på: vi er merksame på. Men ein ser òg at det blir brukt i ubøygd form: vi er merksam på. Og ein må kunne tillate det. Også vere verd står i ei mellomstilling. Her må ein kunne seie såle "dei er mykje verd" ou "dei er mykje verde". Det same gjeld partisippformer i faste uttrykk, ein kan skrive t.d. både "boka følgjer vedlagd" - og "boka følgjer vedlagt" - det siste blir meir og meir vanleg."

For dei adjektiva som er nemnde, er det då rimeleg å føra opp denne predikativbøyninga: fleirtalsending kan sløyfast i kvitt, var, klår og verd, dessutan i merksam. For andre adjektiv av denne typen er fleirtalsform "det normale i skrift". som Hellevik seier.

Men det finst ei anna gruppe adjektiv der samsvarsbøyning i fleirtal tykkjест å vera på veg ut. Det gjeld einstava adjektiv som endar på vokal. Mange av dei endar på -å, og her har ordlistene unntakslauast fritt val mellom ending på rotvokal eller tillegg av -e i fleirtal:

blå(e), brå(e), få(e), flå(e), grå(e), mjå(e),
rå(e), skå(e), skrå(e), små(e), trå(e).

To andre har fritt val:

sta(e), stø(c).

For resten, dvs. 18 ord, er fleirtalsending ikkje særskilt nemnd i Helleviks oruliste (1976), bortsett

frå nye. Inga opplysning om bøyning skal - etter forordet - tolkast som normalbøyning. Det er likevel grunn til å tru at fleirtalssamsvaret i praksis blir sløyfa i fleire av desse orda, også i målføre der kongruensen har halde seg best:

fri, gle, gra, kry, ly, læ, lev, mo, ru, sky,
sla, sli, slu, slø, sprø, sva, tru.

Perfektum partisipp.

Nokre sterke verb har jamstelte linne partisipp, andre har linne partisipp som sideformer (klammerformer). Dei alternative linne partisippa får normalt bøyning i samsvar med kongruensreglane for linne partisipp. Men somme får ikkje bøyning, i alle fall i predikativ stilling. Sidan øet her er tale om brot på kongruensprinsippet i nynorsk, må dei nemnast særskilt:

blitt
fått/(fengen)
gitt/gjeve/gjеви
gått/gjenge/gjengi
slått/slege/slegi
stått/stade/stadi (dei to siste er poetiske former etter Helleviks ordliste)
(dradd/dratt)/drege/dregi
(latt)/late/lati
(tatt)/teke/teki

Norsk språknemnd fekk i 1960-åra fleire spørsmål om korleis desse partisippa skulle bøyast. Ordboksredaktør Alf Hellevik vart beden om å arbeida ut ei tilråding som er prenta i årsmeldinga for 1964 (s. 22-24). Det heiter der at desse partisippa ikkje går inn

"i systemet i dei målføra som har samsvarsbøyning - delvis med unnatak av gått, som kan få bøyning".

Og han seier at

"Linne perf.part. som fått, gitt, dradd el.
dratt, latt, tatt er ubøygde (bortsett frå

attributiv bruk)".

Årsmelinge seier at

"Arbeidsutvalet sa seg samd i dette, mea det tillegget at i attributiv bruk bør ein helst nytte dei sterke partisippa til få, gje, dra, la, ta".

I årsmeldinga for 1971 (s. 7) er det prenta eit svar til ein som spør om det er inkonsekvent å bruka attgjeven når han elles bruker gi - gav - gitt. Svaret lyder slik:

"Ein kan ikkje rekne det for inkonsekvens om ein bruker formene gi, gir, gitt, og samtidig partisippet attgjeven. --- På den andre sida må også attgitt kunne nyttast, men da helst ikkje i attributiv bruk".

Det blir ikkje sagt noko om kva slag former ein bør velja i predikativ stilling, og vi må tolka Språknemnda slik at ubøygde partisipp kan passera der (men få blir sjeldan brukt i slik samanheng). Vi får då ikkje kongruens i desse døma:

Eksamane er overstått.

Reglane vart omgått.

Syndarane vart tilgitt.

Dei vart skamslått.

Dei er blitt lurte.

Tømmerstokkane vart (dradd, dratt) til vegen.

Pengane vart (tatt).

Pengane vart (etterlatt).

3.2.3.2. Kongruensproblem med utgangspunkt i tydinga til nominalen.

a) Kollektivt nominal.

1. Kollektivet står utan ettersett tillegg.

Hovudregelen er her at vi har kongruens i preifikative ord: Flokken vart sprengd. Personalet er bunde av vedtaket. Aksjeselskapet vart oppløyst. Folket vart

undertrykt. Partiet er lite. Årsmøtet sa seg samd i vedtaket. Laget vart sendt på treningstur til Danmark. Utrykkingspolitiet vart bodsenat. Buskappen vart send på beite. Mannskapet er stort. Slekta vart rådspurd. Paret vart vigd i domkyrkja. Fjernsynet er interessert i opptak. Styret vart teke med på råd. Kompaniet vart delt i to. Mindretalet vart tagt i hel. Forhøysretten er ferdig med saka.

Men for dei fleste av desse kollektiva er det naturleg med ei distributiv numerustolking når pronomen er tilvisingsord: Venstre er lite, men dei kan koma i vippeposisjon. Fjernsynet er interessert i opptak, men dei må venta til neste veke. Ungdommen er samfunnskritisk, og dei godtek ikkje autoritære synsmåtar.

Den distributive tolkinga, som ligg til grunn for pronomensbruken, smittar i somme tilfelle over på den predikative bøyninga og må kunna godkjennast. Lite frekvente adjektiv og partisipp på en synest her å vera mest utsette: Ekteparet vart funne for-komne i fjellet. Publikum er kresne. Folk er løgne. Noregs Ungdomslag er tilbakehaldne i denne saka. (fritt val:) Ein heil flokk var farne el. faren til fjells (Beito, NYG, s. 218). Mannskapet vart for-gifta og låg sjuke i fleire dagar. Framlegget om høgare hytteskatt hadde gjort hyttefolket urolege, sa Kleppe.

I somme ord, t.d. i einstava adjektiv som endar på diftong eller vokal, verkar inkjekjønnsforma tung. Her er det i regelen rimeleg å velja samsvars-bøyning i fleirtal: Elevrådet sa seg leie for mistaket⁺. (men: "det er leitt at du vil reisa frå oss"). Mannskapet var greie å ha med å gjera. Laget

+ I talemålet tykkjест seiemåten "seia seg lei for" å vera i ferd med å gå over til eit fast ordsamband, jf. typen "dei gjekk god for resultatet", s. 40. Det er mogleg at fast ordsamband bør godkjennast som korrekt språk.

var flaue over nederlaget. Partiet var stø på kursen det ville følgja (både "stø" og "støe" kan brukast i fleirtal). Personalet var uttrue i tenesta. Laget var krye over sigeren. Jf. adjektiv med rotvokalending, s. 33. Vi skriv helst: Ekteparet var visse (sikre) på at --. Politiet er merksame på at --. Men vi kan også skriva: Politiet er merksam på at -- (jf. årsmelding fra Norsk språknemnd 1966, sitert på s. 33 i denne utgreiinga).

2. Kollektivet står med ettersett tillegg i fleirtal.

Eit slikt tillegg gir gjerne sterkare grunnar for distributiv tolking av kollektivet og dermed for predikativ fleirtalsbøyning: Ei mengd verdisaker vart stolne. Ein del av arbeidarane vart oppsagde. 25 prosent av dyra vart årepne. Halvparten av fangane er rømde. Ei gruppe ekspertar vart bedne om å granska saka. Eit system av reimar er spente på reinen. Eit dusin bruktbilar vart selde til spottpris. Resten av potetene er rotne.

Men i visse tilfelle er det likevel naturleg å leggja vekt på heilskapen: Eit utval av Wergelands dikt vart omsett til engelsk (Torvik: God norsk, 1956, s. 128). Talet på klager er stort. Ein pakke sigarettar er dyr (eller kanskje helst "dyrt", jf. side 43). Eit område på 59 000 km² vart okkupert av Israel. Ei last på 1 000 flasker smuglarbrennevin vart kverrsett i Kristiansand.

3. Kollektivet står med ettersett tillegg i eintal.

Normalt skal vi her ha bøyning i eintal: Storparten av høyet er innkøyrt. Ein del av smøret er harskt. Mesteparten av utstyret er stole. Eitt mål jord lagd under plogen.

I desse døma finst òg to kongruensløysingar med kvar si tyding: Den delen av eit organ som er fast-vakse(n) i vevet. Den delen av eit enzym som er lågmolekylær(t), og som saman med epoenzym lagar det fullveraige enzymet.

b) Fleirtalsnominal.

1. Nominal med eitt kjerneledd.

Vi har her mest alltid kongruens, dvs. predikativ bøyning i fleirtal: Dyra er bundne. 18 000 definisjonar er skrivne ut. Dei sat gjeldfrie på garden. Dei fann alle dørene stengde.

Men når fleirtalsnominalet kan tolkast som uttrykk for ein heilskap, får vi eintalsbøyning: 100 mål vart sett under vatn (Torvik). 10 kg hyse vart seld til spottpris. 130 000 kroner er sett av til føremålet.

2. Nominal (parataktisk) med to eller fleire kjerneledd.

a. Summerande nominal.

Normalt skal vi også her ha kongruens, dvs. fleirtalsbøyning: Far og mor er friske. Bøker og blad vart brende. Folkevisa og stevet er sterkt formbunane. Staten og kommunen har tent seg rike på handelen. Mora og barnet vart tekne av raset. Per og Ola er like. Både sonen og faren vart melæ til politiet.

Særtilfelle: Mora, ikkje ungane var svoltne. Læraren, ikkje elevane vart tekne med på råd.

MERKNAD: Konstruksjonar av denne typen er ikkje alternative (sjå ned.), men utesettengjande for eitt av ledda.

Dei kan løysast opp slik: "Mora var

svolten", "Ungane var ikkje svoltne".

Vi kan endra leddfølgja: "Ungane, men ikkje mora var svoltne". Målkjensla kan nok skifta her, men ut frå ein logisk-syntaktisk analyse er predikativ fleirtalsbøyning mest rimeleg. Står begge kjerneledda i eintal, er eintals-samsvar mest rimeleg: Barnet, ikkje mora vart skadd. Denne utsegna kan løysast opp i "Barnet vart skadd", "Mora vart ikkje skadd". Når kjerneledda har identiske eintalssubstantiv, bør predikativet bøyast i eintal i samsvar med substantivet: Båue mitt (hus) og ditt hus er stort.

I staden for fleirtalssamsvar får vi ofte inkje-kjønnsbøyning når kjerneledda er så nær knytte til kvarandre at dei står som ein heilskap for tanken. Dette gjeld jamnast kjerneledd som står i ubunden form (jf. typen "Fisk er godt", s.43) og særleg abstrakte nemningar, stoffnamn og varenamn som har ulikt kjønn og/el. tal:

Tid og stad er fastsett. Mot og mannskap er særmerkt for denne karen. Fisk og grønsaker er sunt. Vea og kol vart brukt til oppvarming. Kalsiumfosfat og kalsiumkarbonat blir utfelt når ein varmar opp mjølka. Olje og gass som før berre vart brukt til brennstoff, går no til den petrokjemiske industrien. Difor vart kjøtet og fisken salta, tørka og røykt. Brød, flattbrød og lefse vart steikt på varme steinheller. Ost, smør og egg vart neasett (Men: prisane vart neasette). To atester og eitt vitnelål er veulagt.

Grensetilfelle: Prosentfordeling og absolutte tal er teke el. tekne med i oversynet. Hus og heim vart selt el. selde på auksjon (eintal dersom vi ser

på "hus og heim" som ein heilskap).

Står kjerneledaa i bunden form, kan kjønn og/el. tal til øet substantivet som står nærmest predikativet, få overtaket og avgjera samsvaret dersom det er særskilt understreka i utsegna: Offiserande, ja heile hæren var faren sin veg. Varene, i alle fall fjernsynsapparatet, vart stole. Det er viktig at ikkje berre dagen. men òg klokkeslettet blir nemnt i innkallinga. Den eine drabantbyen etter den andre har vorte bygd i Groruddalen etter krigen.

Grensetilfelle: Korkje òu eller eg er bunden el.
bundne av lovnaden.

MERKNAD: "Korkje" tyder her "ingen av to", og vi har derfor eit summerande nominal med den sær-eigenskapen at det er nektande eller ute-stengjande. I ø; med at konjunksjonen eller blir brukt, liknar det på alternative nominal (sjå ned.), noko som dreg i den leia at nærmeste substantivet avgjer samsvarbøyning. Det må likevel vera høve til fritt val: Korkje stolane eller bordet var nytt el. nye. Korkje frukta eller kornet vart moge el. mogne. Korkje kyrkja eller bedehuset var nybygd/nybygt el. nybygde (jf. Vinje: "Moderne norsk" (1976), s. 124).

b. Alternative nominal.

Her fungerer anten det eine eller det andre kjerne-leddet som subjekt. Ledda står normalt i bunden form, noko som truleg er med på å skapa grunnlag for kongruens i samsvar med nærmeste substantiv: Anten tjuven eller helaren vil bli teke. Anten bjølleku eller kalvane vart skremde. Ein eller to personar vart skadde.

c) Eintalsnominal med ettersett tillegg i fleirtal.

Vi bør velja eintalsbøyning når predikativet er sterkt knytt til eintalsleddet: Ein av desse filmane blir vist i Oslo no. Kvar av desse delane er iegen delt i fire mindre delar. Men her bør vi ha fleirtal: Ein av dei filmane som blir viste i Oslo for tida. Eit av dei mest viagjetne avisinnlegga som er skrivne i Noreg.

Etter pronomenet "ingen" er fleirtal mest vanleg og bør kunne brukast attåt eintal: Ingen av dei var redd(e). Ingen vart skadd(e) i ein front-mot-front-kollisjon på E 6 i dag.

d) Ikkje-nøytrale nominalledd med nøytrale predikativ.

I omtalen av parataktiske ledd (s. 39) nemnde eg at visse ubundne ledd har ein tenåens til å gi nøytral inkongruens. Det er knapt tilfeldig at parataktiske nominal er ein innfallsport for slik inkongruens. Utgangspunktet er at fleire ledd kan ha ulike grunnlag for samsvar, både i kjønn og tal. Språkbrukarane har her vore nøydde til å velja, og det er heller ikkje tilfeldig at dei valde inkjekjønnsforma. Nøytrum var såleis løysinga i norrønt i slike tilfelle: "Gunnhilær ok synir Eiríks våru farin til Danmarkr" (Heimskringla), "þau þorbjörnök Ísgerðr áttu børn ---" (Saga Gísla Súrssonar II).

1. Nominalledd som ikkje gir rettleiing om kongruens.

Det er i første rekke infinitivar, leddsetningar og visse adverb som ikkje gir rettleiing om kongruens.

a. Infinitivar.

Å låna pengar er lurt. Å ta seg fram i slikt lende er goat gjort. Dyrt å vera fattig, står òt i Forbruker-rapporten. Det å bli teken frå mora er

sårt for eit barn (om typen "det å bli teken", sjå s. 44).

b. Leddsetningar.

Om han kjem, er heilt uvissst. At ho skal reisa er sikkert. Kva ho meiner, er uklårt.

c. Adverb.

Fram og tilbake er like langt. Inne er lunt.
(Inkjekjønn kan i desse døma førast tilbake til eit tenkt formelt subjekt "det").

2. Nominalledd som gir formell rettleiding om kongruens.

I regelen er det her tale om substantiv i ubunden form, eintal eller fleirtal. Opphavet, eller ei medverkande årsak til denne inkongruensen, kan vera at infinitivar og verbalsubstantiv har eit svært likt tydingsinnhald, og at det ligg føre ei tenkt overføring til verbal ordlegging. Wellander seier det slik:

"I många fall beror inkongruensen mellan subjekt och predikatsfyllnad på en sammanblandning (kontamination) av två uttryckssätt, det ena med verbalsubstantiv, det andra med infinitiv. Två riktiga uttryck för samma tanke: Rökning är här förbjuden och Att röka är här förbjudet sammansmälts till ett oriktigt: Rökning är här förbjudet.

I regel tycks emellertid preukatsfyllnadens neutrala form bero på ett icke uttryckt tankeled: Att ha skägg och mustascher har blivit modernt igen. Att ha många kappsäckar är obekvämt. Att sysla med politik är aktuellt nu."
(Riktig svenska, 1973, s. 194).

Vi må gå ut frå at den tenkte verbale ordlegginga først har påverka samsvarstilhøvet ved verbalsub-

stantiv og andre substantiv med verbalt innhold. Inkongruensen har så breidd seg analogisk til andre ubundne substantiv:

Snømåking er tungt. Slanking er lurt. Røyking er forbode. Jakt er morosamt. Tannverk er vondt. Hjelp er kjærkome. Påsketur er ikkje aktuelt i år. Frisk luft er sunt. Parkett er dyrt. Tronge buksar er populært. Fisk er godt. Grønsaker er helsesamt.

Men set vi inn pronomen i staden for slike substantiv, får vi samsvar:

Grønsaker er helsesamt, men dyre er dei. Ho (hjelpa) var kjærkomen.

I somme høve målber inkjekjønnsbøyning og samsvarsbøyninga kvar sine fine nyansar:

Mjølkemaskinar er i dag vanleg på gardane = det er vanleg å ha mjølkemaskinar på gardane i dag. Mjølkemaskinar er i dag venlege på gardane = mjølkemaskinar finst det i dag mange av på gardane. Andre gonger er berre ei av to tenkjelege bøyingsmåtar rimeleg:
Pengar under bordet er yanleg i dag = det er vanleg å betala pengar under bordet i dag.

Jf. elles omtalen av "ros er vakkert" og "ros er vakre" på side 26.

e) Spesielle nominalledd.

1. Infinitivar i passiv.

Når slike utsegner er subjektslause, er det rimeleg at predikativet får bøyning i felleskjønn (utrum), som er ei slags leksikalsk grunnform⁺:

+ Felleskjønn er etter gammalt brukt i ordbøker i slike tilfelle, jf. "lysna = bli lys", "surna = bli sur", osb.

Det å bli gammal er ein tung lagnad. Å bli dømd til fengsel på livstid er betre enn å døy.

Men subjektet (patiens) kan vera uttrykt i samanhengen, og språkkjensla kan her ofte vera svært skiftande. I slike høve bør ein aerfor kunna velja fritt mellom leksikalsk grunnform om samsvarsbøyning:

Mykje tyder på at smil, småprat og det å bli bore(n) omkring av eit anna menneske verkar positivt på barnet. Å bli dømd(e) var ein katastrofe for dei. Det å bli stor(t) er stas for eit barn. Det å bli teke(n) frå mora er sårt for eit barn. Å bli drepene (drepne) i slag såg dei på som ei ære i det gamle Hellas.

2. Formelt subjekt.

Predikativet skal bøyast i samsvar med det formelle subjektet:

Det vart bygd/bygt mange hus i fjar.

Det vil bli sendt to bergingsbåtar til området.

Det er skrive/skrivi mange vers ved dette bordet (men: Det er mange vers skrivne ved dette bordet).

3. Geografiske namn.

I samansette geografiske namn gir siste leddet ofte rettleiing om kjønnet og viser då også korleis predikativet skal bøyast:

Aversøy er nemnd i Beitos målførreprøver.

Sognefjorden er lang.

Men i somme høve vil ikkje øet siste leddet, men eit tenkt tilleggsord avgjera samsvaret:

Finnmark (fylket) er stort.

Ålesund (byen) vil bli beden om å yta tilskot.

Fleirtalsord får samsvar alt etter som dei blir

tolka distributivt eller kollektivt:

Trolltinaane er bratte og spisse.

Færøyane er verharde.

Filippinane vart sjølvstendig i 1934.

3.2.3.3 Kongruensproblem med utgangspunkt i predikativ og/el. adverbial tilknyting.

For at adjektiv eller partisipp skal kunna fungera som predikativ må dei vera meir eller mindre knytte til nominalet og alltid med hjelp av verb. Kongruensbøyninga er det formelle kjennemerket på slik tilknyting. Koplingsverba kan ordnast i to grupper:

1. Usjølvstendige verb.
2. Sjølvstendige verb.

I kapitlet om "Kongruensproblem mea utgangspunkt i tydinga til nominalet" (s.35) var gruppa "usjølvstendige verb" best representert i døma. I dette kapitlet vil det derimot ikkje finnast døme som inneheld usjølvstendige verba. Det kjem av at eg her skal drøfta grenseområdet mellom predikativ og adverbial tilknyting. Her kan dei tydingsfattige og usjølvstendige verba ikkje gjera seg gjeldande – av åi dei semantisk sett står svært veikt. Dei sjølvstendige verba kan derimot klassifiserast etter semantisk dominans, slik:

1. Dei som formidlar tilknyting dominerer minst.
2. Dei som har adverbial tilknyting dominerer mest. Denne gruppa kan igjen delast i:
 - a) Verb der adverbialet i regelen har inkjekjønnsbøyning. Adverbialet kan tenkjast omgjort til predikativ.
 - b) Verb der adverbialet har inkjekjønnsbøyning. Adverbialet kan ikkje tenkjast omgjort til

preaikativ.

- c) Verb øer adverbialet står i leksikalsk grunnform rett etter verbet (fast verbfrase).

Blir den verbale dominansen endå sterkare, får vi uekte samansette verb (skru fast - fastskruid, riva laus - lausriven) eller ekte samansette verb (blånekta, kaldsveitta, trulova).

Eg skal illustrera desse punkta med døme og kommentera kongruensproblem som knyter seg til dei.

Til punkt 1:

Gutane låg flate på marka.

Husa stod tomme.

Støvlane rann fulle av vatn.

Dei for vonbrotne heim att.

Dei kledde fangane nakne.

Dei måla husa brune.

Dei åt seg mette.

Dei fann dørene stengde.

Drammane stod iskjenkte.

Dei har mange ting ugjorde.

Dei såg medtekne ut.

I nynorsk skal vi tradisjonelt ha samsvarsbøyning i alle døme som er nemnde ovanfor. Det er likevel grunn til å tro at dei linne partisippa i praksis vil gjera ein viss motstand mot samsvar hos somme språkbrukarar. Dette gjeld mest partisippet av "gjera". Det er mogleg at analogi frå frekvente inkjekjønnsutsegner (supinum) spelar ei viss rolle her: "Ho fekk gjort mykje den dagen", "Han har gjort seg ferdig".

Til punkt 2 a:

Han stoa sterkt (sterk).

Ho såg lurt (lur) på han.

Lampa lyser raudt (raud).

Han gjekk frekt (frekk) opp på talarstolen.

Oljeaksjane står i dag lagt på børsen.

Firmaet vart slått konkurs, og pengane gjekk tapt (tapte).

Dei kunne trygt (trygge) gå i gang med arbeidet, sa han.

Ho trødde yarsamt (varsam) i graset.

Til punkt 2 b:

Artene trivst godt.

Prisane aukar snøgt.

Ho såg langt etter dei.

Han dømde dei strengt.

Husa ligg høgt.

Til punkt 2 c:

Dei gjekk god for resultatet.

Dei gjekk laus på oppgåvane.

Dei slo fast at ingen hadde vore der.

Dei kom nær båtane.

I somme høve må språkbrukaren kunne velja fritt mellom adverbial og predikativ:

Elva rann still/stilt i dalbotnen.

Ho gjekk rastlaus/rastlaust att og fram.

Ho smilte sjølvsikker/sjølvsikkert.

Sperrene låg skeive/skeivt på taket.

Indianarane levde sunne/sunt og friske/friskt i jungelen.

Den som agelaus/agelaust lever, han ærelaus/ærelaust dør.

Potetene står (blømer) fine/fint.

Predikativ i enklitisk stilling kan i visse tilfelle skiftast ut med adverbial i leksikalsk grunnform framfor eit objekt:

Dei slo sund koppane (– slo koppane sunae).

Dei sleppte laus kyrne (– sleppte kyrne lause).

Dei sette frei fangane (-- sette fangane frie).

Dei lyste ledig stillingane (-- lyste stillingane ledige).

Dei skrudde fast mutrane (-- skrudde mutrane faste).

I enklitisk stilling har vi her sett opp samsvarsbøyning. Det stemmer med tradisjonell rettskriving, men i somme samanhengar yter nok språkkjensla ein viss motstand i dag. Dette blir stadfesta i årsmeldinga frå Norsk språknemnd, 1968, s. 10. Det heiter der i eit rådgjevingssvar:

" På bokmål er det nok det rette å bruke ubøyd form av adjektivet i setninger som denne:

"jeg fikk skaftet løs" (jfr. "slippe hundene løs", "de rev seg løs" - jfr. også "jeg fikk løs skaftet").

På nynorsk er "få skaftet laust" den opphavlege eller eldste seiemåten, men det er vanlegare no å seie "han fekk laus skaftet", der få laus er ei fast eining utan bøyning av adjektivet.

Dette smittar over på uttrykk der laus eigentleg står som objektspredikatsora, slik at ein også kan seie "han fekk skaftet laus". Det same gjeld uttrykk som "sleppe hundane laus", "dei reiv seg laus" - som på bokmål."

Dei fleste av seiemåtane i ømelista ovanfor kan snuast om til passiv, og her yter nok språkkjensla hos mange endå større motstand mot samsvarsbøyning. I samsvar med tradisjonell rettskriving set eg likevel opp:

Koppane vart slått (slegne) sunde.

Kyrne vart sleptte lause.

Fangane vart sette frie.

Stillingane vart lyste ledige.

Mutrane vart skrudde faste.

Skal samsvarsbøyninga sløyfast her, må det i første

rekke gjelde adjektiva, der ubøygd form har kome inn i faste verbsamband framfor objekt.

Til slutt: skal vi skriva "Plantene veks ville i Nordland", "Plantene veks yilt i Nordland" eller "Plantene veks will i Nordland"? Vi kan her jamføra med paralleljen "Oksane lever tamme i Sibir". Vi kan ikkje seia at "Oksane lever tam i Sibir", heller ikkje "Oksane lever tamt i Sibir". Her må vi altså ha samsvarsbøyning, og det bør vi òg ha i "Plantene veks ville i Nordland".

PLUSS av Svein Lie.

Det foregår i ethvert språk stadig utskifting av ord - nye ord kommer inn og andre forsvinner. Men en prosess som kanskje er mindre påkta, er at ord som allerede finnes i språket, blir brukt i nye sammenhenger, og da ofte med nye betydninger. Utskifting og forandring av ord skjer mest i de store ordklassene substantiver, verb og adjektiver. Men av og til rammer slike forandringer også ordklasser som blir betrakta som "lukka", f.eks. konjunksjoner.

Vi er nemlig i dag vitne til at et ord som tidligere har fungert som adverb, nå rykker inn i rekka av sideordnende konjunksjoner. Eller - etter en annen analyse - et ord som har levd i utkanten av klassen av konjunksjoner, nå rykker inn blant de mer sentrale. Jeg tenker her på ordet pluss.

Vi er nemlig i dag vitne til at

- 1) ordet blir brukt stadig oftere
- 2) ordet blir brukt i flere sammenhenger enn før.

pluss har tidligere vært brukt helst
i forbindelser som

1. Det gav lærerne et stort pluss
2. To pluss to er fire.

Ser vi nå bort fra det første eks. (med pluss som et substantiv) har pluss stort sett blitt brukt med tallord som umiddelbar kontekst.

Men i dag brukes pluss også når vi ikke har tall, f.eks:

På kino gikk det forløyede tyske filmer som ingen ville se - pluss noen svenske og danske stykker.

(Ustvedt 78)

Disse to pluss det åpne australske mesterskapet
er det eneste Borg ikke har vunnet i sin unge karrière.

(Dagbl. 78)

Tidligere var det alle som stod i manntallet pluss foreldre eller foresatte som vedtok dette.

(Eks. 78)

- når vi måtte operere med to komponenter! "begrep"
pluss "holdning".

(Øyslebø 79)

(Forkortelser og navn er forklart til slutt i artikkelen.)

I alle disse eks. - og de fleste andre - kan pluss
erstattes ^{med} og (evt. og dessuten.) eller samt.

Her ser vi antakelig en delforklaring til den
stasjonende bruk av pluss. Samt er litterært og går
stasjon ut av bruk, og pluss er i ferd med å erstatte dette.
Samt blir i NRO definert ved parafrasen og dessuten. Og
nettopp og dessuten kan en svært ofte sette inn istedenfor
pluss.

Jeg har her regna med at pluss bør oppfattes som
sideordnende konjunksjon. I NRO regnes pluss som adverb i
to pluss to er fire. Men det er ikke rimelig å regne det
som adverb i de eks. som er nevnt ovenfor, men snarere
konjunksjoner (og kanskje slik også i to pluss to). Vi
har tidligere sett at pluss ofte erstatter det eldre
samt, og samt blir i NRO kalt konjunksjon, i Tanum og i RO
konjunksjon eller preposisjon. Dersom det ikke
skulle være konjunksjon, ville det derfor snarere være
rimelig å kalle det preposisjon. Jeg vil likevel holde fast
ved at pluss er konjunksjon i de eksemplene vi tar for oss
her.

Som vi har sagt tidligere kan pluss alltid erstattes av
og. Men og kan ikke alltid erstattes av pluss. Det er nemlig
sterke begrensinger på bruken av pluss. Vi skal nå prøve
å se i hvilke sammenhenger pluss er spesielt vanlig.

1. Pluss blir ofte brukt foran at-setninger eller andre
lange ledd. Noen eks.

Freistnad på å vise at vi må ha underliggende
tonemskilnader pluss at tonemreglane ikkje kan vere
reint fonetisk betinga.

(Endresen 76).

Dette problemet løses ved at kapitalen kjøper opp høyt utdannet arbeidskraft og teknologi i utlandet pluss at bedriftene utdanner enkelte i Italia gjennom egne skoler og oppdragsforskning.

(Studentforum -78)

Egentlig ikke annet enn et generasjonsskifte pluss at Oddvar Brå har funnet igjen formen fra "gamle dager".

(Dagbl. 79)

Velger i-forma her også fordi vi har så mye av a/e-endelser ellers, pluss at i-forma samsvarer bedre med gammelnorsk.

(Eks. 78)

Vi ser i det siste eksemplet at vi etter pluss har en at-setning enda vi foran har en setning som begynner med fordi. Dette kan skyldes at det er så sterk tendens til at leddsetninger som kommer etter pluss begynner med at, at vi også får at-setninger der vi ikke skulle ha det.

Pluss går nemlig ikke så godt foran leddsetninger som ikke begynner med at:

? Jeg velger i-forma her fordi vi har så mye a/e-endelser ellers, pluss fordi a-forma samsvarer bedre med gammelnorsk.

2. Pluss blir ofte brukt foran noe som anses som mindre viktig i sammenhengen. I setningen A og B pluss C vil C gjerne ha karakteren av et etterhengt tillegg. Vi skal se på noen autentiske eksempler:

Enebolig (...) inneh. 2 stuer, 4 soverom m.v. pluss kjeller og loft, 3 garasjer, bygget 1965 (...)

(Aft. 78)

I denne boligannonsen ser vi at stuene og soverommene utgjør kjernen i boligen, men kjeller, loft og garasje er mer perifert tilbehør. Hvis det i stedet f.eks. hadde stått:

Enebolig (...) inneh. 2 stuer, 4 soverom og kjeller pluss loft og 3 garasjer, bygget 1965 ...

ville det virke som om kjelleren hadde en viktigere plass i boligen.

Perspektivskisse viser to parallelle rullebaner, hver på 4000 meter, pluss en sidebane, ca. 3000 m lang.

(Dagbl. 79)

Her er de to rullebanene de sentrale, sidebanene er sekundære.

I Nordsjøen opererer ikke mindre enn 6 B&R-varianter; B&R i Panama, Nederlansk Curacao, England, Bahamas og Norge pluss samarbeidsselskapet Brown-Aker.

(Ny tid 78)

Det mest sentrale her er de reine Brown & Root-selskapene men i tillegg kommer et som Brown og Root bare har en andel i, derfor pluss.

- og de 12 signatarmaktene pluss Polen skal dele "iskaken".

(Aft. 78)

Docherty måtte rusle ut av rettssalen med halen mellom beina, pluss en regning på 300.000 kroner.

(Dagbl. 78)

Siden det som kommer etter pluss ofte er sekundært i sammenhengen, finner vi ofte tankestrek eller annet stort skilletegn foran pluss.

Disse fordele gjelder for turer mellom Europa og USAs østkyst - pluss de største innenlandsbyene.

(Dagbl. 78)

alle de fire norske deltakerne skal være med - pluss to svenske.

(Dagbl. 78)

Knasende sprø Kellog's Corn Flakes med melk - pluss juice, ost og litt frukt er (...)

(Reklame)

På kino gikk det forløyede tyske filmer som ingen ville se - pluss noen svenske og danske stykker.

(Ustvedt 78)

Men så var det også en delvis ny politikk og en ny tenkning som ble lansert. Pluss en femårsplan for gjenreisningen av landet.

(Ustvedt 78)

3. Pluss kan bety "etterfulgt av".

Denne bruksmåten har jeg funnet bare i forbindelse med omtale av språklige forhold.

Der er det skille mellom tjukk l pluss dental, som gir kakuminal lyd, og r pluss konsonant, som gir alveolar lyd.

(Eks. 78)

En lang stavelse i norrønt bestod av lang vokal eller diftong pluss konsonant eller av kort vokal pluss dobbelt konsonant eller konsonantgruppe.

(Eks. 78)

Hit hører antakelig også:

Kjerneleddet vil oftest være et syntagme i seg selv, minst ett rotmorphem pluss andre morfemer.

(Øyslebø 78)

Etter antallet kan det stå komma, kolon, punktum eller punktum pluss tankestrek.

(Hoeg 71)

I flere av eksemplene er det flere konjunksjoner i setningen. Spesielt i slike tilfeller vil pluss gjøre meningen klar og tydelig.

4. Pluss kan brukes til tydeliggjøring eller forsterking.

I flere tilfeller passer ikke eksemplene inn i de kategoriene jeg har stilt opp til nå. Eks:

- når vi måtte operere med to komponenter: "begrep" pluss "holdning"

(Øyslebø 79)

Det er ikke helt lett å si hvorfor pluss faller naturlig her. Men vi ser av sammenhengen at poenget i utsagnet er at det finnes to komponenter, begrep og holdning. M.a.o. poenget er koordineringa av begrep og holdning. Det er her mulig at pluss markerer sterkere sammenbinding enn og ville gjøre. Vi merker også at pluss normalt har sterkt trykk, men og vanligvis er trykksvakt. En kan si at og ikke så lett tåler trykk. Skal bindeordet ha trykk, kan en derfor ty til pluss. Et annet eksempel ser ut til å kunne forklares på samme måte:

Periode er altså et kompleks av hovedsetninger eller av hovedsetninger pluss bisetninger.

(Vinje u.ä.)

Også her kan en si at pluss forsterker eller tydeliggjør sammenbindinga. I begge eksemplene kan vi erstatte A pluss B med ikke bare A, men også B.

Muligens kan følgende eksempel også forklares på samme måte.

Vi kan tenke oss at vi i vår hjerne har et slags leksikon, dvs. et forråd av ordstammer pluss en slags grammatikk (...)

(Teleman 71)

Andre eksempler:

Som deltidsstudent regnes studenter som følger undervisningen ved annet lærested eller universitetssirkel, pluss de studenter som hverken har studiet som hovedbeskjeftegelse eller tar sikte på å følge normal studieprogresjon.

(Nytt fra Universitetet i Oslo -78).

(...) rådet skulle bestå av representanter fra hver av de to målformene pluss representanter før de aktive språklike forbundene.

(Eks. 78)

Tidlegare var det alle som stod i manntalet ved siste kommuneval pluss foreldre eller føresette som vedtok dette.

(Eks. 78)

Her er det ikke så opplagt at vi kan forklare pluss på samme måte som i de forrige eksemplene. Men kanskje kan vi her likevel snakke om tydeliggjøring av sammenbindinga. Det er jo nemlig slik at og forbinder ledd på alle plan. Vi kan vise det ved å ta siste eksempel og sette inn og istedenfor pluss og se hva som kan komme etterpå:

Tidlegare var det alle som stod i manntalet ved siste kommuneval og -

(siste stortingsval
- (førre
 (som ikke har flytta ut av kommunen
 (foreldre eller føresette

Et og forteller derfor ikke hva som skal koordineres med hva. Det gjør heller ikke pluss i og for seg. Men i og med at pluss har en begrensa bruk, vil valgmulighetene her være færre. For det første vil pluss ikke kunne stå foran adjektiver og relativsetninger (se senere)

ved siste kommuneval { og } førre
 { pluss }

alle som stod i manntalet ved siste kommuneval

{, og pluss } som ikke har flytta

For det andre vil pluss, siden det opprinnelig har vært mest brukt ved tallstørrelser, helst (unntatt ved at-setninger) bli brukt ved ledd som kan oppfattes som deler av mengder, altså kvantitative størrelser.

I dette eksemplet vil pluss kunne stå foran et ledd som det skal koordineres med siste kommuneval eller alle som ikke har flytta. Det siste alternativet lar seg lettere oppfatte som en kvantitativ størrelse. Pluss vil derfor signalisere til høreren at det nå følger noe som skal koordineres med alle som ikke har flytta. Riktignok ville de autentiske eksemplene være like klare og entydige med og istedenfor pluss. Men poenget er at pluss kanskje letter forståelsen av setningen for høreren, ettersom vedkommende allerede etter ordet pluss kan innstille seg på hva slags ledd som følger.

Dersom resonnementet er riktig, kan pluss ha den funksjon å lette persepsjonen. Noen vil kanskje synes det er søkt å forklare språklige fenomener ut fra hensynet til hører. Men en kommer neppe utenom det av og til. Vi har f.eks. en regel i verb om at at ikke kan utelates i begynnelsen av en ytring.

At du kom, var fint
* Du kom, var fint
Det var fint (at) du kom.

Dette må antakelig forklares på liknende måte. At i begynnelsen av en ytring signaliserer at det som følger, er en leddsetning. Når at-setningen er etterstilt, er ikke dette nødvendig fordi det da går fram av første del av ytringa.
(Fodor et al. 1974: 358).

Jeg har ovenfor satt opp fire typiske bruksmåter for konjunksjonen pluss. De fire gruppene innebærer likevel ikke noen systematisk inndeling av bruken, ettersom gruppene er definert på noe forskjellig måte. Dessuten er det mange begrensinger på bruken som ikke går fram av det som er sagt ovenfor. Jeg skal her nevne noen slike.

For det første er pluss neppe brukelig etter både:

Både Ola og Kari
* Både Ola pluss Kari.

En kan her kanskje si at det skyldes at både -og er en fast forbindelse. Men det kan også begrunnes med at både A og B innebærer at begge elementer (A,B) er planlagt uttalt på forhånd, mens A pluss B ofte innebærer at B blir lagt til som et tillegg, som en ettertanke e.l.

Vi kan her også legge merke til at pluss ikke kan brukes i oppregninger som A og B pluss C uten pause eller avslutningstone etter B. Avslutningstone er neppe obligatorisk foran alle forekomster av pluss, f.eks. disse to pluss den gule, men i oppregninger ser det ut til å være slik.

Og kan binde sammen ord av alle slag. Pluss binder sammen først og fremst tallord og substantiver eller pronomener, evt. ledd med slike ord som kjerne.

To pluss to er fire

Ola og Kari - pluss en jeg ikke kjenner.

? Hvordan hun var - jo, høy og lys - pluss veldig slank.

* Jeg leser litt, ser på TV - pluss går på ski om søndagene.

I det siste eks. ser vi at pluss ikke binder sammen verb (eller verbalfaser). Men en kan høre slike setninger i en litt annen form:

Jeg leser litt, ser på TV - pluss at jeg går på ski om søndagene.

Med og kan vi her få to helsetninger:

Jeg leser litt, ser på TV - og så går jeg på ski om søndagene.

Dette går ikke med pluss.

* Jeg leser litt, ser på TV - pluss så går jeg på ski om søndagene.

Pluss kan altså ikke binde sammen helsetninger.

Liv jobber i Bærum, {og } Grete er i Halden.
 { *pluss }

Men fordi pluss kan brukes foran at-setninger, kan en la at-setninger sideordnes med helsetninger:

Han arbeider for mye, pluss at

(autentisk muntlig eks.)

Vi har (NN) i neste par, pluss at (NN) kommer i femte par,

(NRK 79)

Han var nr. 5 og 6 i den tysk-østerrikske hoppuka pluss at han har vært (.....)

(NRK 79)

Pluss står altså spesielt sterkt knytta til at. Men ved andre leddsetninger er pluss knapt brukbar:

*Hun spurte hvem vi var pluss hvor vi skulle

*Den boka jeg nevnte pluss som du sa du ville låne.-

*Siden det er så fint vær pluss siden vi ikke har noe annet å gjøre, kan vi vel ta en skitur.

Foran leddsetning forekommer pluss altså nesten bare foran at. Men heller ikke ved at er pluss alltid like godt. Det er ikke alltid like klart for meg hvorfor det er slik, men jeg kan nevne hva jeg oppfatter som tendenser.

Pluss ser ut til å være spesielt mye brukt foran at når ytringa utfyller et slags årsaksforhold.

Grunnen er nok at jeg er for lat - pluss at jeg er litt dum.

Det skyldes nok at han kan for lite, pluss at motstanderne er blitt bedre.

Men pluss kan forekomme ellers:

Jeg skal prøve å vise at vi har fått en ny side-ordnende konjunksjon, pluss at denne kan erstatte og i noen, men ikke alle tilfeller.

Noen ganger er pluss lite brukelig.

? Det er sant at vi har et styre pluss at hun er sjef.

Men jfr.

Det er bestemt at vi skal ha et styre, pluss at hun skal være sjef.

Den siste setningen virker bedre for meg. Forklaringen ligger kanskje i at pluss helst ikke brukes foran en at-setning når innhold hører til gammel (gitt) informasjon.

I andre tilfeller må årsaken ligge andre steder. Jfr.

Jeg fortalte at jeg nettopp hadde tatt eksamen pluss at jeg snart skulle reise på ferie.

? Jeg fortalte at Eva skulle komme på besøk pluss at vi skulle ut å spise.

?? Jeg fortalte at Eva hadde vært der pluss at han ikke hadde sett henne.

Etter min språkfølelse er ikke disse setningene like gode.

Den siste virker mest ugrammatisk, i hvert fall om vi tolker den som synonym med

Jeg fortalte at Eva hadde vært der og (at) han ikke hadde sett henne.

Hvis denne tolkes slik at hovedinformasjonen er at han ikke så Eva (enda hun var der), er det ikke to uavhengige forhold som blir meddelt, men ett (komplekst). Vi har da det en kan kalle kombinatorisk koordinering. Det innebærer atså at innholdet i at-setningene danner en slags enhet. I så fall kan pluss ikke brukes. I det første av de tre eksemplene forteller "jeg" snarere om to uavhengige saker, og "pluss" kan lettere brukes.

Det er også andre restriksjoner på bruken av pluss enn dem som her er nevnt. På den annen side er bruken av pluss i utvikling, og det som ikke er gangbart idag, hører en kanskje i morgen.

Jeg har til nå ikke sagt noe om årsaken til at pluss sprer seg. Men mye tyder på at det er bruksmåter fra andre språk som blir overtatt i norsk. Jeg har registrert bruksmåter av samme type som dem jeg oppfatter som nye i norsk, både i svensk, dansk, engelsk og tysk. Det er derfor antakelig en utvikling som har skjedd eller er i ferd med å skje i de store europeiske kulturspråkene, som nå også brer seg til norsk.

Fotnoter:

- 1) Det bør også nevnes at i visse forbindelser står et minus

i motsetning til pluss. Det gjelder ikke bare ved tall, men også i eksempler som:

..... i hele området minus Vest-Telemark
..... i hele området pluss Vest-Telemark.

- 2) Når pluss kan brukes ved substantiv og pronomen, men ikke ved adjektiv og adverb, henger det nok sammen med at pluss opprinnelig knytta sammen to eller flere elementer til større mengder. Substantiv og pronomen refererer oftest til ting, personer o.l., som kan oppfattes som deler av mengder. Når pluss derfor utvider sitt bruksområde, er det naturlig at det først blir brukt ved slike ord. Adjektiver og verb, som vanligvis utfyller egenskaper og handlinger (eller relasjoner), vil ikke så lett oppfattes som elementer (individer) i mengden.

Bibliografi:

NRO = Norsk riksmålsgrammatikk. Oslo 1937-57

RO = Riksmålsordboken. Oslo 1977.

Tanum = Tanums rettskrivningsordbok. 4. utg. Oslo 1974.

Fodor, J.A., et al. (1974): The Psychology of Language.
New York.

Eksemplene er tatt fra:

Eks. = Eksamensbesvarelser ved Universitetet i Oslo.

Aft. = Aftenposten, Oslo

Dagbl. = Dagbladet, Oslo

Ny Tid = Ny Tid, Oslo

Endresen, R.Theil: (1976): Handsaminga av trykk og tonem
i generativ fonologi, Oslo

Hoeg. O. Arbo (1971): Vitenskapelig forfatterskap, Oslo

Tøleman, U. (1971): Grammatikk for gymnasiaster.
(Oversatt av H. Hanssen og G.D. Rinnan). Den
høgre skolen.

Ustvedt, Y. (1978): Det skjedde i Norge 1945-52. Oslo

Øyslebø, O. (1978): Stil og språkbruksanalyse, Oslo

Øyslebø, O. (1979): Språklig kommunikasjon. Oslo

Vinje, F.-E. (u.å.) (stensil - "urkompendiet".)